




**Fjord**  
kommune

## **Årsbudsjett 2023**

# **Økonomiplan 2023-2026**

---



Vedteke i KS sak 087/22 15.desember 2022

## Innhald

1. Innleiing .....	4
1.1 Budsjettprosessen .....	5
2. Økonomiske føresetnadar / finansielle måltal.....	6
2.1 Innbyggjarar .....	6
2.2 Folketalsframskriving .....	6
2.3 Finansielle måltal.....	8
3. Frie inntekter .....	11
3.1 Statsbudsjettet og føringar frå regjeringa.....	11
3.2 Eigedomskatt.....	13
3.3 Konesjonskraft .....	13
4. DRIFTSBUDSJETT 2022.....	14
4.1 BEVILGINGSOVERSIKT DRIFT - del 1 .....	14
4.2 Bevilgningsoversikt drift – del 2 .....	15
4.3 Årsverkstabell .....	15
5. RAMMEOMRÅDA .....	17
5.1 Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen.....	17
5.2 Rammeområde 2 – Oppvekst, kultur og næring .....	19
5.2.1 Grunnskule/SFO.....	19
5.2.2 Barnehagane .....	20
5.2.3 Kultur .....	21
5.2.4 Næringsutvikling.....	21
5.2.5 Næringsfond / Breiband.....	22
5.2.6 Tilskot drift/anlegg .....	25
5.3 Rammeområde 3 - Helse, omsorg og velferd.....	27
5.4 Rammeområde 4 - Tekniske tenester, landbruk og miljø .....	29
5.4.1 Vatn, avløp og renovasjon (VAR).....	30
5.4.2 Veg og samferdsel .....	30
5.4.3 Brann og feiing .....	30
5.4.4 Plan, bygg og oppmåling .....	30
5.4.5 Landbruk og miljø.....	30
5.4.6 Bygg og kommunalteknisk.....	30

5.5 Rammeområde 9 - Finans .....	32
6. Investeringar / Økonomiplan .....	33
6.3 Kommentar til nye og eksisterande investeringsprosjekt.....	36
7. Budsjettkommentarar frå einingane .....	41
7.1.1 Fellestenestene/ STAB.....	41
7.2.1 Stordal barnehage .....	43
7.2.2 Syltebøen barnehage.....	44
7.2.3 Dalsbygda barnehage .....	46
7.3.1 Stordal skule og SFO .....	48
7.3.2 Valldal skule, SFO og Fjord vaksenopplæring .....	50
7.3.3 Eidsdal skule og SFO .....	52
7.3.4 Fjord kulturskule.....	54
7.4.1 DKSS – Den kulturelle spaserstokk .....	56
7.4.2 Frivilligsentralane .....	57
7.4.3 Ungdomsklubben i Stordal .....	57
7.4.4 Ungdomsklubbane i Valldal/Eidsdal .....	58
7.4.5 Folkehelsearbeidet .....	59
7.4.6 Stordalshallen.....	60
7.4.7 Martin Linge huset .....	61
7.5.1 Fjord helse .....	62
7.5.2 Pleie og omsorg Stordal.....	63
7.5.3 Pleie og omsorg Valldal/Eidsdal .....	64
7.5.4 Habiliteringstenesta i Fjord .....	66
7.5.5 Aktivitetssenteret «Glimt» .....	67
7.6.1 Bygg og kommunalteknikk .....	68
7.6.2 Plan og miljø .....	70
7.6.3 Reinhold.....	71

## 1. Innleiing

Reglar for årsbudsjett og økonomiplan er gitt i Kommuneloven. Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midler og bruken av disse, og utgjer også første året av den fireårige økonomiplanen. Paragrafane som omhandlar budsjett og økonomiplan, har følgjande ordlyd:

### **§ 14-3 Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning**

*Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.*

*Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.*

*Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.*

*Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.*

*Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene. Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.*

### **§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett**

*Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.*

*Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.*

*Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.*

*Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.*

## § 14-5.Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.

## 1.1 Budsjettprosessen

Framdriftsplanen for budsjettprosessen har vore slik:

DRIFTSBUDSJETT 2023	
<b>LEIARMØTE</b>	<b>14.09.22</b>
FRIST FOR INNSENDING AV BUDSJETTFRAMLEGG	Dagen før budsjettmøte
BUDSJETTMØTER ALLE EININGSLEIARAR ( Plan for gjennomgang vert utsendt)	veke 38-40
ARBEIDSMØTER LEIARGRUPPE	10 - 15.10.22
OFFENTLEGGJERING AV STATSUDSJETTET FOR 2021	11.10.22
ADMINISTRASJONEN LEGG FRAM FORSLAG TIL BUDSJETT ØKONOMIPLAN	24.10.22
DIALOGMØTE MED FORMANNSKAP (OG EVT.GRUPPELEIARAR)	veke 44-45
KOMM.DIREKTØREN SI INNSTILLING / UTSENDING SAKSPAPIR BUDSJETT	23.11.2022
HANDSAMING I ULIKE UTVAL	Veke 48
FORMANNSKAPET SI INNSTILLING	01.12.22
OFFENTLEG ETTERSYN	01.12-14.12.22
<b>VEDTAK KOMMUNESTYRE</b>	<b>15.12.22</b>

Økonomiplanen skal vise økonomiske konsekvensar av tiltak i årsbudsjettet dei påfølgande åra. Vidare skal den uttrykke kommunestyret sine mål og strategiar dei næraste åra, basert på kommuneplanen sin langsiktige del og andre fagplaner som omhandlar den kommunale verksemda.

## 2. Økonomiske føresetnader / finansielle måltal


### 2.1 Innbyggjarar

Folketalet er viktig for kommunen på ulike måtar. I økonomiplanperioden må ein planlegge for utviklinga i folketal. Kommunen tek i mot rammetilskot som er blant anna er berekna ut i frå innbyggjartal og alderssamansetnad.

Statistisk sentralbyrå utarbeider prognoser for folketsutvikling, der Fjord kommune står registrert med 2491 innbyggjarar pr.01.01.2022. SSB si folketsframskriving viser at kommunen skal ha ein nedgang i folketalet dei komande åra.

Diagrammet under viser ein nedgang i folketalet. Vi blir fleire eldre, og færre yngre.

07459: Befolkning, etter alder og år. Fjord, Personer.



Folketsutvikling	2019	2020	2021	2022
<b>Befolkning 1. januar</b>	2592	2549	2502	2491
Fødselsoverskot (døde-fødte)	-22	-7	-3	..
Nettoinnflytting (innflytting-utflytting)	-21	-40	-8	..
Folketilvekst	-43	-47	-11	..


### 2.2 Folketsframskriving

Dette avsnittet er tatt ut frå analyse foretatt av Telemarksforskning september 2022.

SSB har tidlegare i 2022 publisert oppdaterte befolkningsframskrivingar (dei førre kom i 2020).

SSB opererer med tre hovudalternativ for framskriving, høg, middel og lav nasjonal vekst. Hovudalternativ «middel» som står for mellomnivået for fruktbarhet, levealder, innanlandske flyttingar og innvandring blir normalt sett på som det mest realistiske alternativet.


Dette betyr at prognosen for framskriving for Fjord kommune er ein svak nedgang frå dagens folketal (2491) til rundt 2477 i år 2050.



Tabellen nedanfor illustrerer korleis befolkningsprognosane kan påverke kommunen sine utgifter (demografikostnadar). Kostnadane er berekna totalt for kommunen, og også fordelt på ulike aldersgrupper og tilhøyrande tenesteområder.

Berekningane er basert på uendra standard og effektivitet i tenesteytinga, og er eit uttrykk for kva det vil kosta kommunen å byggje ut tenestetilbodet for å halde tritt med befolkningsutviklinga. I perioden 2023-2026 er prognosa for Fjord kommune reduserte demografikostnadar på om lag 10 mill. Færre barn og unge trekker isolert sett i retning av reduserte utgifter til barnehage og grunnskule. Fleire eldre bidreg isolert sett til auka utgifter til pleie- og omsorgstenestene.

Framtidig auka demografikostnadar til i all hovudsak vere knytt til dei eldre aldersgruppene og tenesteområdet for pleie og omsorg.



Endring i utgiftsbehov 2022-2040. Indeksert utvikling 2022=100. TF alt. M. Fjord kommune. Kilde: SSB/TBU/beregninger ved TF

## 2.3 Finansielle måltal

Kommuneloven § 14-1 – Kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid.

Kommuneloven § 14-4 – Økonomiplanen og årsbudsjettet skal også vise utviklinga i kommunen sin økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar


Fjord kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltinga i kommunen:

1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter –minimum 1,75 %
2. Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter –minimum 10 %
3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter –maksimum 85 %

### 1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter –minimum 1,75 %

Netto driftsres.i% av driftsinnt.	2020	2021	2022 budsj	2023 budsj	2024 budsj	2025 budsj	2026 budsj
Brutto driftsinntekter	335 121 930	341 392 744	320 211 494	328 216 781	336 422 201	344 832 756	353 453 575
Netto driftsresultat	4 398 326	(6 351 746)	687 803	(3 153 704)	-	-	-
<b>Netto driftsres.%</b>	<b>1,3 %</b>	<b>-1,86 %</b>	<b>0,21 %</b>	<b>-0,96 %</b>	<b>0,00 %</b>	<b>0,00 %</b>	<b>0,00 %</b>
Anbefalt verdi frå TBI	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %





Administrasjonen legg fram budsjettet for 2023 med negativt driftsresultat. Det er ikkje mogleg å foreta ytterlegare omstillingar komande år, men frå 2024 legg ein opp til å ha eit driftsresultat rundt null.

## 2. Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter –minimum 10 %


Vedtaket er at kommunen skal ha eit disposisjonsfond på 10% sett i forhold til inntektene.. Tabellen nedanfor viser korleis avsetnadar til disposisjonsfondet er i økonomiplanperioden , og 10% disp.fond er noko som må gjennomførast over tid.

Disp.fond.i % av driftsinnt.	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Brutto driftsinntekter	335 121 930	341 392 744	320 211 494	328 216 781	336 422 201	344 832 756	353 453 575
Disposisjonsfond	-	-	-	32 704	-	-	-
Disp.fond i % av inntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,01 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Vedteke måltal	10%						

## 3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter –maksimum 85 %

Vedteke måltal er sett til 85 % av brutto driftsinntekter, noko som må takast over tid. På grunn av stort budsjettert låneopptak i 2022, går måлтаlet opp til om lag 132,5%, for så å gå jamt nedover dei påfølgande åra i økonomiplanperioden.

Nto.lånegjeld i % av innt.	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Brutto driftsinntekter	335 121 930	341 392 744	320 211 494	328 216 781	336 422 201	344 832 756	353 453 575
Netto lånegjeld	382 711 337	383 284 985	424 284 985	425 864 985	432 464 985	433 934 985	445 680 985
Netto lånegjeld i % av innt.	114,2 %	112,3 %	132,5 %	129,8 %	128,5 %	125,8 %	126,1 %



### 3. Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består i hovudsak av rammetilskot, skatteinntekter og statlege overføringer. Inntektsrammene vert i all hovudsak styrt av Staten gjennom handsaming av stats- og nasjonalbudsjettet, samt endringar i skattelovgivinga.

I tillegg til dei frie inntektene, har kommunen inntekter i form av øyremerka statlege tilskot, samt andre inntekter frå sal/leige og brukarbetalingar.

Kommunen har sjølv ansvaret for å tilpasse ressursbruken og tenesteproduksjonen i høve til fastsette inntektsrammer, gitt gjeldande regelverk. KS sin prognosemodell viser følgjande inntekter på rammetilskot og skatteinntekter for Fjord kommune. (Eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft kjem i tillegg).

#### 3.1 Statsbudsjettet og føringar frå regjeringa

FJORD 2023-prisnivå for årene 2023-'	1578	PROGNOSE				
		2022	2023	2024	2025	2026
<b>1000 kr</b>						
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	65 621	70 361	70 911	71 328	71 330	
Utgiftsutjevningen	33 306	35 023	35 238	35 224	35 225	
Overgangsordning - INGAR	-121	-103	-88	-75	-75	
Saker særskilt ford (grunnskole, skolehelse, barnevern, bortfall eiend.skatt og aga)	415	1 980	1 980	1 980	1 980	
Inndelingsstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	21 912	22 723	22 723	22 723	22 723	
Småkommunetillegg	6 034	6 257	6 257	6 257	6 257	
Ordinært skjønn	130	1 580	500	500	500	
Ekstra skjønn fra KDD - ressurskrevende tjenester						
Koronapandemi - till.bevilgn. gjennom innb.tilskuddet og tabell-C	422					
Tilleggsnummer statsbudsjett - økt realvekst og oppgaveendringer	1 122					
Tilleggsnummer statsbudsjett - nytt tilskudd per kommunal grunnskole inkl. finansingstrekk	923					
Tilleggsnummer statsbudsjett - redusert rammetilskudd som følge av økt skatteanslag	-1 170					
Stortinget saldering budsjet 2022	-41					
Endringer etter Stortingets budsjettsaldering 2022	91					
RNB 2018 - 2022 (utenom koronapandemi)	-4 073					
<b>Sum rammetilsk uten inntektsutj og ekstra skjønn statsforvalter</b>	<b>124 571</b>	<b>137 821</b>	<b>137 521</b>	<b>137 937</b>	<b>137 939</b>	
Netto inntektsutjevning	12 853	9 965	9 251	9 251	9 251	
<b>Sum rammetilskudd for ekstra skjønn fra statsforvalteren</b>	<b>137 424</b>	<b>147 786</b>	<b>146 772</b>	<b>147 188</b>	<b>147 190</b>	
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>78 498</b>	<b>76 551</b>	<b>77 686</b>	<b>77 686</b>	<b>77 686</b>	
Skatteinntekter - endring i %	1,5	-2,48	1,48	-	-	
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avr) ekskl. ekstra skjønn fra statsforvalteren</b>	<b>215 900</b>	<b>224 300</b>	<b>224 000</b>	<b>224 900</b>	<b>224 900</b>	
		(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)				
Sum - endring i %	0,2	3,9	-0,1	0,2	0,0	
Endring ekskl. covid-19 bevilgning	2,6	4,1				
<b>EKSTRA SKJØNN TILDELT AV STATSFORVALTEREN (kommer i tillegg til linje 42)</b>						
Covid 19 pandemi	-					
Ufordelt skjønn fra Grønt hefte - fordeles i løpet av året	20					

Anslag frie inntekter for Fjord kommune er **224 977 218**, herav rammetilskot eks.inntektsutjamning kr. **137.821.000** og skatteinntekter på **87.156** (inkl.inntektsutjamninga)

Dette anslaget på frie inntekter inneber ein nominell vekst for Fjord kommune frå 2022 til 2023 på 4,2 prosent. I same periode er det anslått landsgjennomsnittleg vekst på 3,5 prosent. Veksten i frie inntekter er rekna frå anslag på rekneskap for 2022 i statsbudsjettet 2023.

Sidan vi ikkje kjenner dei endelege **skatteinntektene** for 2023 før i januar 2024, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2023 vil vere. Det blir difor presisert at det angitte nivået på frie

inntekter er eit anslag. I anslaget er det tatt utgangspunkt i nivået på skatteinntektene i 2021. For den einssilde kommune er skatteanslaget for 2023 deretter framskriven i tråd med veksten i det samla skatteanslaget. Det betyr at det blir føresett ein lik skattevekst per innbyggjar, med fordeling som i 2021.

Etter kvart som skattetala ligg føre blir skatteinntektene omfordelt mellom kommunene, for å utjamne skilnadane i skatteinntektene mellom kommunene.

### Tilskot med særskilt fordeling

Nokon einskildsaker blir ikkje fordelt etter inntektssystemets ordinære kriterier, men det blir gitt ei særskilt fordeling. Trekk for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter på 2,2 mrd. kroner er foreløpig ikkje fordelt mellom kommunane.

Enkelt saker	Fordeling beløp
Inndelingstilskudd	22 723 000 kr
Helsestasjon og skolehelsetjeneste	424 000 kr
Kompensasjon ansvarsovertagelse barnevern	0 kr
Gratis barnehage i tiltaksone i Finnmark og Nord-Troms	0 kr
Grunnskoletilskudd	1 556 000 kr
Særskilte saker enkeltkommuner	0 kr
<b>Sum Fjord kommune</b>	<b>24 703 000 kr</b>

Oppsummert for åra i økonomiplanperioden er det gjort følgjande anslag for frie inntekter utanom eigedomsskatt (i 1000 2023-kr)

	2022	2023	2024	2025	2026
Rammetilskot (fast del)	124 571	137 821	137 521	137 937	137 939
Skatt	78 498	76 551	77 686	77 686	77 686
Inntektsutjamning	12 853	9 965	9 251	9 251	9 251
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>215 922</b>	<b>224 337</b>	<b>224 458</b>	<b>224 874</b>	<b>224 876</b>
%-endring		3,9	0,06	0,19	0,0

Administrasjonen sitt forslag til auke av frie inntekter i økonomiplanperioden:

Foreslåtte tiltak til omstilling	2023	2024	2025	2026
<b>Frie inntekter</b>				
INNT Eigedomsskatt hus/hytte	0	1 500 000	4 000 000	5 000 000
INNT Eigedomsskatt næring	0	500 000	1 000 000	1 000 000
<b>Sum auke frie inntekter</b>	<b>0</b>	<b>2 000 000</b>	<b>5 000 000</b>	<b>6 000 000</b>

Det er lagt opp til innfasing av eigedomsskatt, dette er nærare omtalt i punktet nedanfor.

### 3.2 Egedomsskatt

Fjord kommune legg til grunn at ein fortsetter med same vedtak om utskriving av egedomsskatt i 2023 som ein har hatt dei to foregåande åra.

I forslag til omstilling er det lagt inn forslag om innføring av egedomsskatt også for andre kategoriar i 2024 ( m.a. hus og hytte). Det medfører at ein må starte planlegging av dette. I vedtaket vil det difor vere inkludert forslag om innføring av egedomsskatt og at ein startar med planlegging av det i starten av 2023.

### 3.3 Konesjonskraft

Fjord kommune får tildelt konesjonskraft frå Tafjord Kraftproduksjon AS i samband med kraftproduksjon i Tafjord. Maksimalt kan Fjord kommune få tildelt og omsette 60,677 GWh. I tillegg får Fjord kommune 0,335 Gwh frå Rauma Energi kraft AS. Samla har då Fjord kommune ca. 61,02 Gwh til omsetting i markedet.

Volum ein kan omsette er avgrensa til allment forbruk i Fjord kommune. Allment forbruk i Fjord kommune skal også omfatte tap i nett. Om ikkje Fjord kommune har stort nok volum som allment forbruk vil det resterande/overskytande gå til Møre og Romsdal fylkeskommune. For 2023 har Fjord kommune grunnlag for å disponere heile konesjonskraftvolumet som er tilgjengeleg. For 2023 er all konesjonskraft frå Tafjord Kraftproduksjon AS solgt i markedet til fast pris på 43,421 øre. Kommunekraft AS bistår Fjord kommune med omsetning av konesjonskraft.

Verdien av konesjonskrafta vert då:

61,020 Gwh med pris pr Kwh 43,421 øre. = omsetning på kr. 26 495 500 560,-

Fjord kommune må betale for konesjonskrafta utifrå ein pris fastsett av NVE. Normalt kjem denne prisen i desember kvart år.

I tillegg til dette vert Fjord kommune belasta med innmatingstariff frå Tafjord Kraftproduksjon AS for det volum ein tek ut i konesjonskraft.

Samla kostnad for kjøp av konesjonskraft vert vurdert til å vere mellom 13,5 og 14 øre.

## 4. DRIFTSBUDSJETT 2022

### 4.1 BEVILGINGSOVERSIKT DRIFT - del 1

	BEVILGINGSOVERSIKT DRIFT Del 1	2022	Økonomiplanperiode			
			2023 Budsjett	2024 Øk. Plan	2025 Øk.plan	2026 Øk.plan
1	Rammetilskot	-137 498 000	-147 786 000	-146 772 000	-147 188 000	-147 190 000
2	Inntekts- og formuesskatt	-77 827 000	-76 551 000	-77 686 000	-76 686 000	-76 686 000
3	Eigedomsskatt	-14 448 738	-17 379 500	-14 500 000	-11 750 000	-10 750 000
4	Andre generelle driftsinntekter	-4 456 000	-2 100 000	-4 212 000	-2 482 000	-4 212 000
5	SUM GENERELLE DRIFTSINNEKTER	-234 229 738	-243 816 500	-243 170 000	-238 106 000	-238 838 000
6	<b>Sum bevilgningar drift, netto</b>	<b>217 395 553</b>	<b>209 275 296</b>	<b>211 420 000</b>	<b>207 256 000</b>	<b>207 888 000</b>
7	Avskrivningar	24 500 000	24 500 000	25 000 000	25 500 000	26 000 000
8	SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	241 895 553	233 775 296	236 420 000	232 756 000	233 888 000
9	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	7 665 815	-10 041 204	-6 750 000	-5 350 000	-4 950 000
10	Renteinntekter	-910 000	-1 812 500	-1 750 000	-1 750 000	-1 750 000
11	Utbytte	-3 730 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
12	Gevinstar og tap på fin. omløpsmidlar	-910 000	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
13	Renteutgifter	10 400 000	20 350 000	20 500 000	19 500 000	19 500 000
14	Avdrag på lån	16 000 000	16 500 000	16 650 000	16 750 000	16 850 000
15	NETTO FINANSUTGIFTER	20 850 000	31 387 500	31 750 000	30 850 000	30 950 000
16	Motpost avskrivningar	-24 500 000	-24 500 000	-25 000 000	-25 500 000	-26 000 000
17	NETTO DRIFTSRESULTAT	4 015 815	-3 153 704	0	0	0
18	Disponering eller dekking av nto. driftsres.					
19	Overføring til investering					
20	<b>Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond</b>	<b>-4 015 815</b>	<b>-859 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
20	-herav avsetnad til bundne fond	477 000	3 866 329	1 500 000	1 500 000	1 500 000
20	-herav bruk av bundne fond	-4 492 815	-4 725 329	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
21	<b>Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond</b>	<b>0</b>	<b>32 704</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
21	-herav avsetnad til disp.fond	0	32 704			
21	-herav bruk av disp.fond	0				
22	Dekking av tidlegare års meirforbruk		3 980 000			
23	SUM DISP. ELLER DEKKING AV NTO. DRIFTSRES.	-4 015 815	3 153 704	0	0	0
24	FRAMFØRT TIL INNDEKKING SEINARE ÅR	0	0	0	0	0

- Post 1-4 frie inntekter, sjå omtale ovanfor, kapittel 3 «Frie inntekter»
- Post 4 «Andre generelle inntekter» inneheld følgjande budsjettpostar:  
Havbruksfondet 1.100.000  
Rentekompensasjon 1.000.000
- Utbytte er budsjettert med 3.300.000 for 2023, dette gjeld Ørskog Energi (700') og Tafjord Kraft resterande.

## 4.2 Bevilgningsoversikt drift – del 2

Bevilgningsoversikt drift, del 2						
Sum bevilgingar drift Netto pr.rammeområde	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Sentraladministrasjon	23 175 710	19 818 866	22 645 631	22 600 000	22 200 000	22 100 000
Oppvekst, kultur og næring	67 159 072	67 304 073	65 732 478	63 500 000	61 600 000	60 700 000
Helse, pleie og omsorg	91 775 853	106 297 944	104 281 057	110 320 000	108 856 000	110 588 000
Teknisk, landbruk og miljø	34 054 569	29 224 912	34 473 430	33 000 000	32 600 000	32 500 000
Finans	(4 566 047)	(5 250 242)	(17 857 300)	(18 000 000)	(18 000 000)	(18 000 000)
<b>Fordelt til drift (ovf.til del 1)</b>	<b>211 599 157</b>	<b>217 395 553</b>	<b>209 275 296</b>	<b>211 420 000</b>	<b>207 256 000</b>	<b>207 888 000</b>

### Spesifikasjon av avsetnadar og bruk av fond i bevilgningsoversikt drift, del 1

Avsetnad / Bruk av fond	Avsetnad	Bruk
<b>Bundne fond</b>		
Renovasjon, budsjettert bruk 2023		77 000
Vatn, budsjettert avsetnad 2023		339 000
Avløp, budsjettert bruk 2023		485 000
Slam, budsjettert bruk 2023	84 000	
Feiing, budsjettert avsetnad 2023		86 000
Myndigh.utøvelse Forurens.lov		18 000
Stordalshallen, gåvemidlar	50 000	50 000
ML-huset gåvemidlar	100 000	
Næringsfond	3 427 329	3 427 329
Psykolog		
Viltfond	205 000	243 000
<b>Sum bundne fond</b>	<b>3 866 329</b>	<b>4 725 329</b>
<b>Disposisjonsfond</b>		
Avsetnad til disp.fond ("overskot")	32 704	
<b>Sum disp.fond</b>	<b>32 704</b>	-

## .3 Årsverkstabell

Utvikling i årsverk pr. eining.

Det er budsjettert med 298,7 årsverk for 2023, noko som er ei auke på 9,6 årsverk samanlikna med budsjettet for 2022. Reellt årsverkstal pr. oktober 2022 er 295,1. Auka i årsverk er å finne på einingane innan pleie og omsorg.

Årsverkstabell Fjord kommune	2020	2021	Status 24.10.22	Budsjett 2023	Merknad
Politisk organisasjon	1,0	1,0	1,0	1,0	
Kommunedirektør	1,0	1,0	1,0	1,0	
Økonomiavdeling	6,0	5,0	3,8	3,8	
Personalavdeling	2,0	2,0	-	-	
Beredskap	0,5	0,5	-	-	
IT	1,5	1,5	-	-	
Stab/Fellestener	6,6	5,3	9,2	8,0	Inklusiv .0,9 årsv.frikjøp HTV
Folkehelsekoordinator	0,6	0,7	0,5	0,5	
<b>Sum sentraladministrasjon/stab</b>	<b>19,2</b>	<b>17,0</b>	<b>15,5</b>	<b>14,3</b>	
Felles adm. Oppvekst,kultur,næring	1,0	1,0	1,0	1,0	
Stordal barnehage	8,1	7,9	9,0	7,9	
Dalsbygda barnehage	4,4	5,7	5,3	5,6	
Syltebøen barnehage	11,6	10,8	14,4	15,0	
Stordal skule/SFO	25,4	27,2	24,9	24,3	
Valldal skule/SFO/VO	30,6	30,4	29,3	29,5	
Eidsdal skule/SFO	11,9	11,8	12,9	11,8	
Kulturskolen	3,0	2,0	2,3	2,3	
Kulturadministrasjon	0,4	0,4	0,4	0,4	
Frivilligsentral	1,5	1,5	1,5	1,5	
Bibliotek	1,9	1,9	1,4	1,4	
Martin Linge huset	0,3	0,3	0,3	0,3	
Stordalshallen	0,6	0,6	0,6	0,6	
Næringsutvikling	0,4	0,4	0,4	0,4	prosjektstilling
<b>Sum oppvekst og kultur</b>	<b>101,0</b>	<b>101,9</b>	<b>103,7</b>	<b>101,9</b>	
Felles adm. helse/PLO	1,0	1,0	1,0	1,0	
Kommuneoverlege	0,2	0,2	0,2	0,2	
Inntakskontor,koordinerende eining	1,7	2,0	3,0	2,4	0,4 år.v. prosjektstilling
Legekontora	9,6	9,4	8,9	8,9	
Helsestasjon	2,0	2,7	3,7	3,5	1 år.v. prosjektstilling
Psykatri	1,2	2,2	2,4	2,7	0,4 år.v. prosjektstilling
Fysio-/Ergoterapeut	1,1	1,6	1,8	1,8	
Psykolog				1,0	
Jordmor	0,0	0,4	0,5	0,5	
Flyktningtenesta			0,8	2,5	Skule/bhg.
Stordalstunet, inst.drift	16,8	19,0	18,8	19,8	
Valldal sjukeheim, inst.drift	33,1	34,1	31,0	33,3	
Heimetenesta Stordal	2,8	3,6	4,4	4,0	
Heimetenesta Valldal,Fjørå,Tafjord	13,6	11,9	12,4	13,9	
Heimetenesta Eidsdal,Norddal	7,7	7,9	7,7	8,3	
Bu-/habilitering Stordal	17,1	19,9	22,7	23,4	
Bu-/habilitering Valldal	13,9	15,8	14,9	15,4	
Aktivitetssenteret "Glimt"		1,4	1,4	1,4	
Dagtilbod for demente	0,0	0,4	0,0	1,4	okt.2022: inkl. i inst.drift
<b>Sum helse,pleie og omsorg</b>	<b>121,9</b>	<b>131,7</b>	<b>135,6</b>	<b>145,4</b>	
Felles adm. Teknisk,landbruk,miljø	1,0	1,0	1,0	1,0	
Bygg og kommunalteknikk	4,0	4,0	4,0	5,0	1 vakant stilling
Teknisk drift	13,6	13,0	13,0	12,3	
Plan bygg oppmåling (PBO)	4,0	4,2	3,2	3,7	vakanse
Landbruk	1,7	1,7	1,5	1,0	
Brann	0,5	0,7	0,7	0,7	
Brannforebyggjar (feiar)	0,0	1,0	1,0	1,0	
Reinhald	12,2	14,6	13,1	12,4	
<b>Sum teknisk,landbruk,miljø</b>	<b>37,0</b>	<b>40,2</b>	<b>37,4</b>	<b>37,1</b>	
<b>Sum årsverk</b>	<b>279,2</b>	<b>290,8</b>	<b>292,2</b>	<b>298,7</b>	



## 5. RAMMEOMRÅDA

I dette kapitlet blir det gjort greie for føresetnader og rammer for einingane innan dei ulike rammeområda.

Administrasjon har i samarbeid med einingsleiarar og kommunalsjefar gått grundig gjennom budsjettgrunnlaga for kvar eining. Det er utført i fleire omgangar, då dette var nødvendig på grunn av behovet for saldering. Etter budsjettgjennomgangane med einingane viste budsjettet eit stort omstillings-/salderingsbehov, og administrasjonen har skissert ulike tiltak for å omstille drifta.

**Kvart rammeområde inneheld difor ei linje merka «Omstilling», der tilrådde tiltak er spesifisert i eige punkt på kvart område.**

Pensjonskostnaden er berekna til 14,5% i budsjettet, dette er gjort utifrå KLP og SPK sine berekningar av pensjonskostnad for 2022 og budsjetterte tal for 2023.

### 5.1 Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjon	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Endring 2022-2023
Politisk organisasjon	1 439 118	1 220 682	1 894 350	1 894 044	(306)
Kommunestyret og formannskap	529 980	516 831	-	-	
Politiske råd,utval	110 162	95 517	105 167	97 237	(7 930)
Kommunerevisjonen	980 000	600 000	750 000	825 000	75 000
Kontrollutval/Sunnm.Kontr.utv.Sekr.	290 125	288 125	454 650	508 886	54 236
Kommunedirektøren	1 614 647	1 493 712	1 586 185	1 617 970	31 785
					-
Stab/Fellestenester	4 901 961	2 309 844	12 492 610	13 598 374	1 105 764
IT	3 796 402	5 717 947	-	-	-
Beredskap	1 201 902	688 634	-	-	-
Sals- og skjenkeavgift	(50 000)	(100 000)	-	-	-
Storfjorden Kyrkjelege fellesråd	2 894 000	2 791 000	2 890 000	2 935 000	45 000
Andre livssyn	110 000	-	-	-	-
Personalarbeid	1 999 196	3 249 959	-	-	-
HMS, Miljøfyrtårn	430 628	284 000	-	-	-
Informasjon/Kommunikasjon	35 000	-	-	-	-
Lønnsreserve	4 000 000	2 800 000	2 710 000	3 572 000	862 000
Økonomiavdeling	5 623 397	4 062 818	4 096 107	4 092 120	(3 987)
Premieavvik pensjon	(8 000 000)	(5 000 000)	(4 870 203)	(5 000 000)	(129 797)
Forsikringar	597 000	597 000	605 000	655 000	50 000
					-
Omstilling	1 291 355	(4 300 000)	(2 895 000)	(2 150 000)	745 000
<b>Sum rammeområde 1</b>	<b>24 353 143</b>	<b>21 616 069</b>	<b>19 818 866</b>	<b>22 645 631</b>	<b>2 826 765</b>
<b>Endring 2022-2023</b>					<b>14,3 %</b>

Næringsutvikling, næringsfond og folkehelse er flytta frå sentraladministrasjonen til rammeområde 2

- Premieavvik er estimert av KLP til ein utgiftsreduksjon på 5 mill.for 2023. Berekning av pensjonskostnad om premieavvik er gjennomgått med kommunerevisjonen.
- Tilskot til Storfjorden Kyrkjelege fellesråd kr. 2.935.000 er i samsvar med søknaden frå fellesrådet.
- Einingane IT, beredskap, personal, HMS, informasjon er no budsjettert samla på ansvar «Stab/Fellestenester». Budsjettet for 2023 er auka med 1,1 mill, dette skuldast følgjande:
  - Kjøp frå andre +350' (blant anna Åknes-Tafjord Beredskap +200')
  - Kjøp frå kommunar +150' (eKommune/IT samarbeidet)
  - Medlemsskap +200'. Generell auke (KS, IKA Møre og Romsdal etc).

## **Omstilling**

Sentraladministrasjonen er pålagt ei omstilling tilsvarande 2.150.000, og dette skal gjerast ved hjelp av følgjande tiltak:

- nedbemanne med min. 1,5 årsverk.
  - sjå på den administrative leiarstrukturen / vakante stillingar
  - reduksjon i stab ved naturleg avgang
- ta vekk ikkje lovpålagde oppgåver
- redusere publikumstilbod/opningstid
- sal av tenester/kompetanse til andre kommunar

## 5.2 Rammeområde 2 – Oppvekst, kultur og næring

### 5.2.1 Grunnskule/SFO

Elevtalet i Fjord kommune går stadig nedover. Rett nok er det svingingar, men tendensen peikar i den retning. Endringar og tilpassingar av skulen er ein kontinuerlig prosess, jf elevtalet. Samanslåing av klasser i ulike fag er gjort i stort omfang der det har vore mogleg, og det er også i prinsippet vurdert og gjennomført i denne budsjettprosessen. Organiseringa av spesialundervisninga vert gjennomgått og tilpassa den økonomiske situasjonen der det er mogleg. Ein grad av merkantile ressursar har vore tilgjengeleg ved Valldal skule over tid. Ein liten ressurs vart «veksla» inn ved Stordal skule i budsjettet for inneverande år, samstundes som ein reduserte delar av den administrative ressursen. Ein er no i prosess for å sjå korleis ein kan utnytte den merkantile ressursen på tvers av alle skulane, noko som til ein viss grad vil frigjere ressursar til leing og pedagogisk utvikling. Dei økonomiske rammene vert trongare for kvart år som går, og i denne budsjettprosessen ekstra krevande, til liks med resten av organisasjonen. Ein kan trygt seie at alle steinar er snudd i denne prosessen.

Det er svært god kompetanse i skulane i Fjord kommune. I motsetnad til det ein høyrer om elles i landet, har størstedelen av våre tilsette kompetanse og utdanning i tråd med krava.

Skulekvardagen er i stor grad i ferd med å bli digital. Derfor er det uheldig at ein ikkje ser seg i stand til å prioritere digitale læremiddel i investeringsbudsjettet for 2023.

Renoveringa av Eidsdal skule vert føreslått utsatt til 2024. I lys av det, må det no gjerast nye vurderingar og konklusjonar for det som gjeld skulestruktur og bruk av bygget.

Med dei økonomiske rammene ein vil ha tilgjengeleg framover, og sett i lys av nedgang i elevtalet, er det såleis naudsynt å vurdere strukturendringar for skulane våre. Nedanfor følgjer ei oversikt over elevtalet i skulane i åra som kjem, også sett i lys av lærarnorma.

**Gult** er innanfor lærarnorma

**Raudt** er over lærarnorma

**Grønt** er fådelt pr eining

**Skuleåret 23/24, basert på GSI, samt justeringar ein kjenner til pr dags dato:**

2	10	7	7				
3	10	2	3				
4	12	8	4				
	32 *	17 *	14 *				
	VALLDAL	STORDAL	EIDSDAL	Samla	Valldal/Stordal	Valldal/Eidsdal	Stordal/Eidsdal
5	9	8	3				
6	15	14	8				
7	14	7	5				
	38	29	16				
	VALLDAL	STORDAL	EIDSDAL	Samla	Valldal/Stordal	Valldal/Eidsdal	Stordal/Eidsdal
8.	14	8	5	27	22	19	13
9.	19	9	8	36	28	27	17
10.	13	17	4	34	30	17	21
	46	34	17				

\*elevtal for neste års 1.klassingar manglar.

### Skuleåret 24/25.

	VALLDAL	STORDAL	EIDSDAL	Samla	Valldal/Stordal	Valldal/Eidsdal	Stordal/Eidsdal
8.	14	7	5	26	21	18	12
9.	14	8	5	27	22	19	13
10.	19	9	8	36	27	27	17
	47	24	18				

### Skuleåret 25/26.

	VALLDAL	STORDAL	EIDSDAL	Samla	Valldal/Stordal	Valldal/Eidsdal	Stordal/Eidsdal
8.	15	14	8	37	29	23	22
9.	14	7	5	26	21	19	12
10.	14	8	5	27	22	19	13
	43	29	18				

### Skuleåret 26/27

	VALLDAL	STORDAL	EIDSDAL	Samla	Valldal/Stordal	Valldal/Eidsdal	Stordal/Eidsdal
8.	7	8	3	18	15	10	11
9.	15	14	8	37	29	23	22
10.	14	7	5	26	21	19	12
	36	29	16				

- Ingen klasser ved nokon av skulane kjem over lærarnorma pr i dag.

#### Norm for lærertetthet

Normen for lærertetthet sier at det skal være maksimalt 15 elever per lærer på 1.–4. trinn og **maksimalt 20 elever per lærer på 5.–10. trinn.**

I lærertetthet i ordinær undervisning er særskilt norskopplæring og spesialundervisning utelatt. Norm for lærertetthet gjelder kun offentlige skoler, og private skoler er derfor ikke inkludert i tallene.

Normen ble vedtatt i 2017, da var maksimaltallet for antall elever per lærer 16 på 1.–4. trinn og 21 på 5.–10. trinn. Normen ble skjerpet fra august 2019.

## SFO

Det er lovpålagt å ha eit SFO-tilbod i kvar kommune. Så langt har ein hatt SFO-tilbod ved alle skulane. Det vert lagt til grunn eit godt samarbeid med barnehagene, særleg i periodar med få barn. Dette for å spare på bemanninga.

### 5.2.2 Barnehagane

Syltebøen vil utover i 2023 vere prega av renovasjon og nybygg. I den perioden, som vil vare om lag eit år, er det naudsynt å nytte andre lokaler. Ein er i god prosess for å finne løysingar. Det kan vere eigne lokaler eller leige med private. Elvetun skal brukast som ei avdeling, ein er i dialog med idrettslaget om leige av klubbhuset, som synes vere funksjonelt ofg aktuelt for ei avdeling. Interne rokingar ved Valldal skule/Martin Linge-huset kan også frigjere for den 3.avdelinga, og ein må også vurdere den 3. og ubrukte avdelinga ved barnehagen i Stordal – der ein kan flytte rett inn.

For Dalsbygda barnehage er det viktig å få fullført rassikringa og anna arbeid utandørs. I ein strukturdiskusjon må ein likevel ha med seg moglegheitene som ligg i ei samlokalisering med Eidsdal skule/bibliotek, eit såkalla oppvekstsenter.

Etterspørselen etter barnehageplass er om lag som tidlegare. Presset er stort og størst i Syltebøen, medan ein har god plass ved dei to andre barnehagane.

Sentrale krav som pedagognorm og bemanningsnorm styrer langt på veg dei økonomiske rammene barnehagane treng for å drifte innanfor lovverket. Spesialpedagogiske tilrådingar må det også takast høgde for i budsjettet, men også tilrådingar som kan kome gjennom året må ein ha ein «beredskap» på. I budsjettprosessen vert det lagt til grunn ein nøyte gjennomgang av omfang og organisering av spesialundervisninga.

### 5.2.3 Kultur

Det er avsett 300.000,- i kulturmidlar. Det er også sett av kr. 175.000 til kommunal medfinansiering av spelemidlar, dette er ein avtale som er gjort tilbake i tid. Utover dette er det ikkje sett av nye midlar til medfinansiering av spelemidlar, heller ikkje ordninga med forskottering av spelemidlar. Det er ikkje sett av midlar til løypekøyning.

#### Kulturskule

Fjord kommune har eit breidt og godt tilbod innan kulturskulen, sjå kommentar frå eininga.

#### Bibliotek

Fjord kommune har med sitt tilbod i Valldal, Stordal og Eidsdal eit godt og viktig tilbod til innbyggjarane. Sjå kommentar frå eininga.

### 5.2.4 Næringsutvikling

Kommunestyret gjorde allereie i KS- 057/21 vedtak om korleis næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune skulle vidareførast. Til og med 2023 har næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune to bein å stå på.

**Vekst i Fjord:** I den saka vart det gjort vedtak om å opprette eit 2-årig prosjekt «Vekst i Fjord» etter mal frå tidlegare «Vekst i Stordal». I prosjektperioden skal det avklarast om det er grunnlag for å etablere eit selskap Fjord Invest AS. 2023 er såleis siste året i prosjektperioden og viktige avklaringar og resultat må synleggjerast gjennom året. Etter innspel og forslag frå styringsgruppa gjorde kommunestyret i K-sak 62/22 slikt vedtak:

*1. Med utgangspunkt i evalueringsrapport frå styringsgruppa for Vekst i Fjord, vedtek Fjord kommune å omorganisere Vekst i Fjord slik det kjem fram av rapporten. Som ein konsekvens av evalueringa vert styringsgruppa justert, samt at prosjektet får etablert eit investornettverk.*

*2. Supplering av styringsgruppa vert å kome tilbake til i eiga sak.*

*3. Formannskapet stadfestar tilnærminga for bruken av næringsfondet, slik det kjem fram av rapporten, utan at ein dermed ekskluderar verksemder som har andre faktorar enn kapitalinnhenting som grunnlag for sin søknad*

**Fjordhagen:** I den same saka (KS-057/21) oppmoda kommunestyret styret i Fjordhagen om å søke mulighetene for deltaking i framtidig næringshageprogram, og det gjerne i samarbeid med Fjord kommune. For å styrke sin posisjon inn mot næringshageprogrammet, har Fjordhagen gått inn i samarbeid med andre utviklingsmiljø i andre kommuner

Det kan sjå ut som ein her har lukkast, og resultatet av dette vil vere med å styrke næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune, som eit supplement til Vekst i Fjord. Møre og Romsdal fylkeskommune har innstilt på 2,4 millionar til næringshageprogramsknaden til Nordveggen AS, dette er i tråd med ressursbehovet som er skissert i innlevert søknad. Saka vart behandle i kultur-, næring- og folkehelseutvalet 11.11.22 med positivt vedtak. Fjordhagen AS er med som node i næringshageprogramsknaden til Nordveggen AS saman med Sykkylven næringsutvikling, Vestnes næringsforum og Nettet Vekst. Føreset at Nordveggen AS med nodar vert tatt opp i SIVA næringshageprogram 2023-2032 vil dette bety for Fjord kommune at Fjordhagen AS kan tilby subsidiert rådgjeving til bedrifter i kommunen som treng hjelp til grøn omstilling, berekraftig forretningsutvikling, digitalisering, teknologiutvikling, nye marknadsmoglegheiter og innhenting av kapital. Dette vil bli ein viktig og langsiktig del av «verktøykassa» for næringsutvikling i Fjord kommune, og ein ressurs for å arbeide med å vidareforedle investeringscase opp mot investornettverket som Vekst i Fjord-prosjektet byggjer opp.

### **5.2.5 Næringsfond / Breiband**

Fjord kommune sitt næringsfond skal i første rekkje nyttast til næringsformål (bedriftsutvikling, etableringstilskot, investeringar i bedrifter) og til kommunale næringstiltak (kommunalt tiltaksarbeid og grunnlagsinvesteringar knytt til næringsføremål).

For 2023 er forvaltning og handsaming av søknadar til næringsfondet lagt til styringsgruppa for «Vekst i Fjord», på same måte som i 2022. Ein del av næringsfondet er allereie disponert før Vekst i Fjord får tildelt delar av ramma. Sjå tabell under.

Fjord kommune sitt prosjekt med breibandutbygging er ferdigstilt i 2022.

Næringsfond 2022 - 2023 Fjord kommune				
	Ansvar	2022	2023	Kommentar
<b>5.1 Satsing på ungdom</b>				
Medlemskap ungt entreprenørskap	Fjord kommune	10 000	10 000	Vidareførast
<b>5.2 Stimulere til nyetableringar og vekst og nyskaping i eksisterande næringsliv</b>				
Førstelinjeteneste for eksisterande bedrifter	Næringsutvikling	100 000	100 000	Tilskot til næringsutvikling
Førstelinje for nyetableringar - hoppid.no	Næringsutvikling	210 000	210 000	Tilskot til næringsutvikling
Til disposisjon for Næringsfondsstyret		2 007 500	2 072 499	Til disposisjon for Næringsstyret. Saker /prosjekt må prioriterast av styret .
Prosjekt pilgrimsleia 2029 - 2030		100 000	100 000	Prosjektfinansiering som også utløyser fylkeskommunale midlar tilsvarande
Pilgrimsleia forskottering		65 000		
<b>5.3 Identitet og omdømme</b>				
Ingen prosjekt				
<b>5.4 Levedyktige lokalsamfunn</b>				
Full utbygging fiber 2020-2021	Fjord kommune			Bevilgning til breibandsprosjekt er avslutta i 2021
<b>5.5 Organisering av næringsutviklingsarbeidet</b>				
Grunnarbeid næringsutvikling	Nær. utvikling	475 000	475 000	Basistilskot Næringsutvikling
Administrasjon av næringsfondet	Fjord kommune	349 829	349 830	Administrasjon av næringsfondet
Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon	Nær. utvikling	110 000	110 000	Drift av nettportal mm.
Sal og marknadsføring gjennom DÅS	Fjord kommune			Ført på næringsutvikling
Grunnfinansieringsstøtte Stiftinga Geirangerfjord verdsarv	Fjord kommune			
<b>SUM TILTAK</b>		<b>3 427 329</b>	<b>3 427 329</b>	

Driftsstøtte til Stiftinga Geirangerfjord verdsarv er lagt inn i ramma til Vekst i Fjord, og søknaden vert vurdert og handsama der.

**BUDSJETTRAMME PR. EINING**

<b>Oppvekst, kultur og næring</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Endring 2022-2023</b>
Felles admin.oppvekst/kultur	3 622 407	3 678 909	3 380 300	2 397 289	(983 011)
Stordal barnehage	4 587 584	4 273 893	4 508 518	4 777 865	269 347
Syltebøen barnehage	5 010 937	5 580 714	6 257 312	7 244 782	987 470
Dalsbygda barnehage	2 329 261	2 655 260	3 043 775	3 153 376	109 601
Stordal skule	16 296 585	16 933 366	16 877 400	17 271 726	394 326
Stordal SFO	1 497 690	1 349 491	973 189	771 822	(201 367)
Valldal skule	18 559 673	18 781 263	19 366 704	19 488 040	121 336
Valldal SFO	950 562	632 939	885 912	878 113	(7 799)
Fjord voksenopplæring	(340 715)	(440 726)	(279 733)	6 241	285 974
Eidsdal skule	8 861 135	8 750 982	8 920 418	9 645 467	725 049
Eidsdal SFO	128 725	41 525	167 397	174 557	7 160
Fjord musikk-/kulturskule	2 047 635	1 908 464	1 925 366	1 731 104	(194 262)
Kulturadministrasjon, DKSS	334 479	315 504	709 345	671 040	(38 305)
Tilskot drift/anlegg	1 337 500	1 325 800	185 000	175 000	(10 000)
Fjord bibliotek	1 615 432	1 615 594	1 509 650	1 424 260	(85 390)
Fjord frivilligsentral	990 920	250 516	339 808	194 245	(145 563)
Ungdomsarbeid Fjord	76 500	48 500	40 000	70 550	30 550
Stordalshallen	83 800	(85 412)	(7 688)	(12 085)	(4 397)
Martin Linge huset	(152 886)	(193 510)	(179 299)	(185 830)	(6 531)
Folkehelsearbeid	258 270	256 118	26 408	233 089	206 681
					-
Næringsutvikling	300 000	1 014 708	354 291	321 827	(32 464)
Næringsfond	3 833 247	3 424 815	-	-	-
Omstilling			(1 700 000)	(4 700 000)	(3 000 000)
<b>Sum rammeområde 2</b>	<b>72 228 741</b>	<b>72 118 713</b>	<b>67 304 073</b>	<b>65 732 478</b>	<b>(1 571 595)</b>
<b>Endring 2022-2023</b>					<b>-2,34 %</b>

Eidsdal skule vert omgjort til eit oppvekstsenter for sørsida av fjorden.

Oppvekstsenteret skal innehalde:

Grunnskule 1-7 og SFO.

barnehage

bibliotek

Dalsbygda barnehage vert lagt ned og flytta til Eidsdal skule (oppvekstsenter). Ungdomsskuleelevar ved Eidsdal skule vert flytta til Stordal eller Valldal skule, med mål om samlokalisering frå skuleåret 2023/24 .

Biblioteket i Eidsdal vert lagt til Eidsdal skule (oppvekstsenter) i tråd med tidlegare vedtak.

Byggeprosjektet ved Eidsdal skule vert endra i tråd med desse føringane.

Barnehage og bibliotek vert flytta når byggeprosjektet er ferdig og bygget er klart for innflytting.

For alle punkta gjeld brei involvering av tilsette gjennom tillitsvalte, verneombod og føresette. (FAU)

Kommunestyret skal haldast orientert om prosessane.



Kommunestyret legg til grunn at Stranda kommune vert inviterte til ei samlokalisering av tenestene innan oppvekst og kultur for det som gjeld innbyggjarane i Geiranger, i tråd med det som kjem fram ovanfor.

For skulane skal punkta under vurderast på nytt. Dei fleste vil også gjelde barnehagane. Dette uavhengig av struktur, i den hensikt å ta ut økonomiske effektar på kort og lengre sikt:

- slå saman klassesteg der det så langt ikkje er gjort
- omfang og organisering av spesialundervisning
- kartlegge potensialet som ligg i digital undervisning på tvers av skulane
- konsekvensar av avtalane som er gjort med Stranda kommune
- leiarstrukturen innan oppvekst
- omfanget og behovet for bruk av assistentar
- bruk av overtid
- andre forslag til tiltak, som måtte kome fram gjennom prosessen

Desse prosessane må gjennomførast i tett samarbeid med tillitsvalte.

Ein gjennomgang av kulturfeltet for om mogleg auke tilskot og inntekter som kan redusere lønnskostnadane.

Vurdere organisering og omfang av tenestene ved naturleg avgang

## 5.2.6 Tilskot drift/anlegg

Administrasjonen lot budsjettet på kulturmidlar vere uendra for 2023. Det er ikkje rom for kommunal medfinansiering av spelemiddelsøknadar utover det som allereie er avtalt. For 2023 er det budsjettert med kr. 175.000 som gjeld Valldal skyttarlag, ein avtale som vart gjort for en del år tilbake.

Tabellen nedanfor viser kutta oppstilt tabellarisk:

Tilskot drift/anlegg	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2020	2021	2022	2023
Kulturmidlar	400 000	400 000	300 000	300 000
<b>Sum kulturmidlar budsjettert på "Kulturadm."</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>		<b>300 000</b>
<b>Komm.medfin. spelemiddelsøknadar</b>				
Valldal IL, skiskytarstadion		500 000		
Stordal IL, stadion	400 000			-
Eidsdal IL, sprinttrase Hauane	189 100			-
Eidsdal IL, trase Hauane-Løvoll	362 525			-
Valldal Skyttarlag, skytebane			185 000	175 000
<b>Sum komm.medfin.spelemiddelsøknadar</b>	<b>951 625</b>	<b>500 000</b>		<b>175 000</b>
<b>Tilskot til andre</b>				
Stordal Fjellservice, stønad løypekøyning	200 000	150 000		-
Løypekøyning andre		70 000		-
Arena Overøyje, reklameskilt	25 000	25 000		-
Stavsengfjellet Skisenter, løypekøyning	20 000	20 000		-
Musea på Sunnmøre (Yste Skotet)	127 000	127 000		-
Sjukehuset, PET-skanner		25 000		-
<b>Sum tilskot til andre</b>	<b>372 000</b>	<b>417 000</b>		<b>-</b>

**Oversikt over organisasjonar som kommunen har medlemskap i, samt foreslåtte endringar 2023:**

<b>Medlemskap</b>	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Landbruk Nordvest	90 000	-	-
Norsk Bane AS, Lyntogforum M & R.	30 810	30 000	-
Norges nasjonalparkkommune	25 000	25 000	25 000
Destinasjon Ålesund og Sunnmøre	82 100	82 100	82 100
Utmarkskommunenenes Sømmenslutning	45 000	45 000	45 000
Utvikl.forum for Ålesund lufthavn	12 745	12 800	12 800
Landsamanslutninga av vasskraftkommunar	139 534	140 000	140 000
Landsamanslutninga av nynorskkommunar	12 577	12 600	12 600
Norges Verdensarv	5 000	5 000	5 000
Norsk kulturarv			6 000
Fortidsminneforeninga	3 000	3 000	3 000
Sunnmøre Friluftsråd	48 792	49 000	50 000
Norsk Kulturskoleråd	7 592	7 600	7 600
Trygg Trafikk	2 500	2 500	2 500

**Innkome søknadar frå ymse organisasjonar/prosjekt i løpet av 2023**

<b>Søknad om tilskot frå andre</b>	<b>Søknad</b>	<b>Budsjett</b>
		<b>2023</b>
Stordal Idrettslag / Fjellservice (løypekøyning)	150 000	
Kirkens SOS, kr. 3 pr.innb.	25 000	-
Landbruk Nordvest	125 000	-
Norske Kvinners Sanitetsforening kr.1 pr.innb.	2 500	-
NOK.Møre og Romsdal (tidl.Smiso)	15 030	-

Det er ikkje funne rom for å innvilge noko av desse søknadane.

### 5.3 Rammeområde 3 - Helse, omsorg og velferd

Kommunen har ansvar for å levere nødvendige og forsvarlege helse og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Dette er blant anna heimla i lov om kommunale helse og omsorgstenester, lov om pasient og brukarrettigheter, samt lov om helsepersonell.

Helse og omsorgstenestene står ovanfor betydelege auke i oppgåver i tida framover på grunn av ein demografi med fleire eldre. Auka levealder, betre behandling av alvorleg sjukdom og kortare liggetid i sjukehus har bidratt til at brukarane både i institusjon og heimeteneste treng meir behandling og hjelp. Ein ser også at vi har ein auke i ressurskrevjande brukarar. Dette vil medføre auka behov for pleie og omsorgstenester. For å møte desse utfordringane er ei blir det arbeidd med ei rekke tiltak.

Digitalisering er eit viktig innsatsområde. Fjord kommune har inngått avtale med Helseplattforma AS om kjøp av journalløysinga Helseplattforma. Helseplattforma er ei felles journalløysing for spesialisthelseteneste, kommunale helse, og omsorgstenester og fastlegar i Midt-Norge. Målet er at Fjord kommune skal starte med den nye løysinga i november 2023. Prosjektperioden fram mot startpunktet vil krevje omstilling og utfordre tenesteområdet når det gjeld ressursar fram mot oppstart. Lukkast prosjektet med målbiletet vil ein vil kunne hente ut gevinstar som eit brukarvennleg system for helsepersonell, auka nytteverdi for brukarar og pasientar, samt ei tryggare og betre samhandling mellom spesialist- og primærhelsetenesta. Prosjektperioden fram mot oppstart vil krevje mykje ressursar i 2023 av einingane. Blant anna skal alt personell som skal nytte løysinga delta i nødvendig opplæring. Kommunen har også starta med å bruke GPS-teknologi for personar med demens. Dette arbeidet vil bli vidare breidda i 2023.

Rekruttering av helsepersonell spesielt med sjukepleiekompetanse er i dag ei utfordring. Dette vil auke i åra som kjem. Kommunen har no pågåande prosjekt der ein vurderer korleis ein skal nytte denne kompetansen på ein mest mogeleg effektiv måte. I dag har vi stillingar som er vakante på grunn av rekrutteringsutfordringar. Blant anna medfører dette at ein periodevis må nytte innleige frå vikarbyrå. Dette vil i dei fleste tilfella vere kostnadsdrivande løysingar. Kommunen deltek i eit prosjekt i regi av KS (Tørn). Målet med dette prosjektet er å prøve ut alternative måtar å organisere arbeidet på for å kunne nytte kompetansen til dei ulike faggruppene på ein meir effektiv måte. Ein ser spesielt på nye former for arbeidsdeling mellom dei ulike profesjonane. Dette prosjektet vil strekke seg utover 2023.

Tenesteområdet vil i 2023 vurdere framtidig struktur i tenestene. Det blir iverksett eit planarbeid som vil/skal svare ut organisering av tenesteområdet fram mot 2040. Struktur må vere tilpassa utfordringa i demografien og oppgaveoverføring frå spesialisthelsetenesta.

Krisa i Ukraina har ført til at kommunen har mottatt flyktningar. I samband med dette vart det etablert ei flyktningteneste. I 2023 legg ein opp til at ein vil ta i mot fleire som har behov for opphald i kommunen.

## BUDSJETTRAMME PR. EINING

Helse, pleie og omsorg	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Endring 2022-2023
Felles admin. helse, pleie og omsorg	1 095 719	1 069 301	862 601	835 299	(27 302)
Tenestekontor og koordinering	1 346 141	1 637 820	1 485 755	1 826 489	340 734
Kommuneoverlege	313 168	487 976	577 038	631 799	54 761
Fjord legekontor	5 974 583	6 402 900	6 523 590	6 826 204	302 614
Legevakt, ØHD,nødnett	3 244 136	3 100 000	3 560 000	3 545 690	(14 310)
Fjord helsestasjon	1 585 436	1 526 108	1 805 307	2 092 881	287 574
Psykiatritenesta	1 040 705	1 311 872	1 223 872	5 005 870	3 781 998
Psykolog	-	611 771	529 291	815 321	286 030
Jordmortenesta	211 700	345 454	305 861	411 500	105 639
Fysio-/Ergoterapitenesta	2 158 408	2 370 991	2 593 687	2 647 634	53 947
Barnevern	3 520 000	3 500 000	2 940 000	4 490 000	1 550 000
Sosialtenesta/NAV	2 969 000	2 992 000	2 550 000	2 667 000	117 000
Stordalstunet	12 787 982	13 131 696	14 522 445	15 157 517	635 072
Heimetenesta i Stordal	2 992 804	2 552 739	2 619 474	2 847 219	227 745
Dagtilbod demente	425 367	401 088	322 417	817 536	495 119
Valldal sjukeheim	22 264 566	22 426 673	23 553 771	25 027 037	1 473 266
Heimetenesta Nord	10 873 883	8 960 718	9 583 758	10 537 546	953 788
Heimetenesta Sør	5 820 661	4 991 738	6 115 241	6 359 513	244 272
Habilitering Stordal	6 995 355	8 202 957	10 178 470	12 272 353	2 093 883
Habilitering Valldal	9 003 362	9 889 051	10 783 683	10 414 819	(368 864)
Glimt aktivitetssenter			784 327	871 040	86 713
Flyktingetenesta				(6 019 210)	(6 019 210)
Omstilling			-3 765 000	-5 800 000	(2 035 000)
<b>Sum rammeområde 3</b>	<b>94 622 976</b>	<b>95 912 853</b>	<b>99 655 588</b>	<b>104 281 057</b>	<b>4 625 469</b>
Endring 2022-2023					4,64 %

### Helse, omsorg og velferd

- Reduksjon av tal sjukeheimplassar. Tilbodet til brukarane blir lokalisert på færre avdelingar.
- Samle tilbodet for personar med demens som treng skjerming ved Stordalstunet.
- Samle institusjonskjøkken for institusjonane i Fjord ved Valldal sjukeheim.
- Bruke arealet i 2. etasje i Stordalstunet som legekontor og psykolog/psykisk helseteneste
- Redusere administrasjonstid teamleiar ved Fjord habilitering
- Reduksjon av overtid i Fjord habilitering.
- Redusere vikarbruk ved sjukefråvær Fjord habilitering.
- Endre stilling frå krav om høgskuleutdanning til helsefagarbeidar på fjord habilitering

#### Reduksjon av tal sjukeheimplassar. Tilbodet til brukarane blir lokalisert på færre avdelingar.

Fjord kommune har god kapasitet når det gjeld institusjonsplassar i sjukeheimane. Det har vore i snitt 9 ledige plassar i perioden sidan januar 2020. Totalt har kommunen 47 sjukeheimplassar ved Stordalstunet og Valldal sjukeheim. I tillegg finnes det 24 omsorgsbustadar med tilnærma heildøgns bemanning i Valldal og Eidsdal.

Institusjonsplassane er lokalisert i 2 etasjar både i Valldal og Stordal. Dette krev ekstra personale i forhold til å lokalisere brukarane ved institusjonane i same etasje. Ved å redusere tal institusjonsplassar kombinert med å samle brukarar i same etasje vil ein kunne både styrke bemanningsfaktor mot brukarane og redusere tal stillingar knytt til drift av institusjonane.

### **Samle tilbudet for personar med demens som treng skjerming ved Stordalstunet.**

Vel ein å samle brukarane på ei etasje vil det vere aktuelt å samle tilbudet til personar med demens som treng skjerming ved Stordalstunet. I Nasjonal faglig retningslinje for demens er det anbefalt at brukarane skal ha tilrettelagt uteareal i umiddelbar nærleik samt at det skal vere direkte tilgang til dette arealet. Ved Stordalstunet er det alt etablert ein sansehage og det er lett tilgang ut til denne. Brukarar med demens er også ei sårbar gruppe som ofte er under tvangsvedtak. Behandlingsmålet er å unngå bruk av tvang i så stor grad som mogleg. Dette krev både bemanning og spesiell kompetanse på området. Samlokalisering med dagsenter for demens, demenskoordinator, lege og psykolog vil gi ein fagleg sterkt tilbod.

### **Samle institusjonskjøkken for institusjonane i Fjord ved Valldal sjukeheim**

Ved å samle institusjonskjøkken i Valldal vil ein oppnå redusert ressursbruk. Institusjonskjøkkenet i Valldal har i dag kapasitet til å produsere måltidene til Stordal utan å auka ressursane. Ut over det trengs det ein ressurs til transport. Flytting av kjøkkenet må gjennomførast for å kunne frigjere areal til å samle brukarane på ei etasje ved Stordalstunet. Eit alternativ for å oppretthalde kjøkkenet ved Stordalstunet kan vere å flytte kjøkkenet til underetasjen på arealet som ikkje er dagsenter. Dette er eit alternativ som kan utgreiast. Dette alternativet vil ikkje gi redusert ressursbruk i kjøkkendrifta men ein får oppretthalde tilbodet i Stordal.

### **Bruke arealet i 2. etasje i Stordalstunet som legekontor og psykolog/psykisk helseteneste**

Kommunen har ei tid jobba med alternativ til lokale for kommunal helseteneste i Stordal. Arealet i ei eventuell frigjort 2 etasje vil kunne nyttast til legekontor og kontor for psykolog/psykiatriske helsearbeidarar. Dette vil truleg redusere investeringsbehov samt gi eit godt nært helsefagleg tilbod til brukarane ved Stordalstunet.

### **Redusere administrasjonstid teamleiar ved Fjord habilitering**

Ved Fjord habilitering reduserer ein administrativ del av stillinga for teamleiar frå 60% til 40%. Dette vil medføre mindre behov for å tilsette i brukarnært arbeid

### **Reduksjon av overtid i Fjord habilitering**

Endring av behov til brukarar har medført redusert behov for å bruke ekstra innleige. Eininga har også hatt ein reduksjon i sjukefråvær. Eininga vil også redusere innleige ved sjukefråvær. Dette medfører at eininga vurderer at overtidsbudsjettet kan reduserast i 2023

### **Endre stilling frå krav om høgskuleutdanning til helsefagarbeidar på fjord habilitering**

Eininga vil endre bemanningsplan slik at planlagt stilling som høgskuleutdanna blir erstatta med helsefagarbeidar. Dette vil gi ei innsparing i løn.

## **5.4 Rammeområde 4 - Tekniske tenester, landbruk og miljø**

TLM må halde fokus på rekruttering innan alle avdelingane. Stadige nye oppgåver og nye krav til fagspesialisering blir lagt til kommunen. Behalde og rekruttere rett fagkompetanse er viktig for heile rammeområdet.

#### **5.4.1 Vatn, avløp og renovasjon (VAR)**

Kommunen skal levere kvalitetssikra tenester, infrastruktur og vedlikehald innan vatn, avløp og renovasjon til næringsliv og innbyggjarar. Dette krev at ein har fleksible løysingar, og rutinar med oppfølging og opplæring/utdanning av personale. Kommunen står føre store investeringar knytt til VAR områda.

Kommunen driftar miljøstasjon i Djupøyna, hageavfallsmottak på Vinjesanden. Dette er tenester som blir drifta på vegne av ÅRIM. Mobil miljøstasjon blir no drifta av ÅRIM sjølve.

#### **5.4.2 Veg og samferdsel**

Budsjett for veg er for lavt, etter dokumentert behov for vedlikehald mange stadar. Med eit lite budsjett på vedikehald klarer vi ikkje å oppretthalde standarden. Bruer, stikkrenner og bekkeinntak må aukast innsats mot.

#### **5.4.3 Brann og feiing**

Fjord kommune gjekk frå april 2022 inn i samarbeidsavtale med Stranda som inneber felles brannsjef, brannmester og branninspektør, og har dermed fått ei styrking av tilsyn og forebyggjande arbeid. Stillingane vart besette i løpet av 1 halvår, og ein har i praksis hatt ein overgangsperiode i 2022.

Det er tilsett eigen feiar i Fjord kommune som opererer i samarbeid med Stranda.

Ny brannstasjon i Stordal er under bygging.

#### **5.4.4 Plan, bygg og oppmåling**

Mykje spanande arbeid med private reguleringsplanar og kommunale planar. Byggesak og oppmåling arbeider med å oppretthalde god kvalitet og lav saksbehandlingstid. Ny samfunnsdel til kommuneplanen vart vedteken i 2022. Ein ser no heilt klart eit behov for rullering av kommuneplanens arealdel, og avdelinga arbeider med å forberede dette. Her ser ein behov for ekstern fagkompetanse for å komme i mål. Avdelinga har fått ny arealplanleggar, men leiar for avdelinga/planstilling har stått vakant frå 15.08.22. Tilrettelegging for næringslivet har høg prioritet. Særleg nemnast pågåande planarbeid for Raudbergvika og under oppstart Eidsdal sentrum.

#### **5.4.5 Landbruk og miljø**

Landbruk og miljø fekk tidleg i 2022 vedteken energi- og klimaplan for kommunen. Avdelinga har hatt landbrukssjef i 100% stilling + delvis ressurs i samarbeid med fellestenester. Kommunen kjøper skogfagleg teneste frå Stranda. Der er inngått treårsavtale om skogbrukstenester. Fjord kommune har mykje hogstmoden skog. Tømmerprisane har vore gode, og i 2022 har der pågått hogst ved fleire hogstfelt i kommunen.

#### **5.4.6 Bygg og kommunalteknisk**

Digitalisering er fokusområdet til Fjord kommune, og dette er heilt naudsynt i vår avdeling med tanke på framtidig krav til dokumentasjon. Må få auka fokus.

Bygg og kommunalteknisk har fleire prosjekt under arbeid. Dette gjeld både mot bygningmasse, vegar og Var-områda.

Det pågår vurdering av kva bygningar som er aktuelle for kommunen å selje.

Har mangla personalressurs i avdelinga og har difor måtte prioritere dei viktigaste oppgåvene.

## BUDSJETTRAMME PR. EINING

Teknisk, landbruk og miljø	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Endring 2022-2023
Felles admin.TLM	1 419 765	1 118 542	1 106 434	679 895	(426 539)
Bygg- og komm.teknikk	2 236 267	2 047 369	2 200 971	2 238 152	37 181
Felles ansvar teknisk drift, vedlikehald	1 974 320	1 024 084	4 724 103	5 893 821	1 169 718
Felles ansvar maskinpark	545 000	573 000	1 048 000	1 230 000	182 000
					-
Vegar, gatelys, off.område,kai	4 360 000	4 668 400	4 885 400	6 300 400	1 415 000
Plan,byggesak,oppmåling	2 590 919	2 189 804	2 336 564	1 912 135	(424 429)
Landbruk,skog,miljø	1 586 827	1 418 797	1 596 595	1 092 486	(504 109)
Jakt og vilt	130 461	137 650	68 750	74 180	5 430
Brannvern	7 590 000	7 000 000	5 396 276	5 860 490	464 214
Renovasjon	0	0	198 000	291 007	93 007
Vatn	0	0	(2 150 000)	(2 217 068)	(67 068)
Avløp	0	0	(1 839 000)	(1 713 324)	125 676
Slam	0	0	(40 000)	(150 933)	(110 933)
Feiing	0	0	(125 001)	(983)	124 018
Mynd.utøving Forurens.lova	0	0	(104 000)	(96 945)	7 055
Fjernvarme/distr.nett	380 000	380 000	(690 000)	(760 000)	(70 000)
Reinhald komm.bygningar	7 069 676	6 520 321	7 525 020	7 393 578	(131 442)
Skulebygg, barnehagar	2 321 000	2 411 000	2 649 000	2 630 000	(19 000)
Idrettshallar, kulturbygg	835 000	880 000	876 000	955 000	79 000
Adm.bygg/Forr.bygg	1 540 000	1 600 200	1 389 500	1 530 500	141 000
Lager-/service-/oa.bygg	-480 250	-434 098	(1 048 100)	(680 861)	367 239
Sjukeheimar,omsorgsbustadar	1 876 000	2 519 500	3 220 400	3 011 900	(208 500)
					-
Omstilling			(4 000 000)	(1 000 000)	3 000 000
<b>Sum rammeområde 4</b>	<b>35 974 985</b>	<b>34 054 569</b>	<b>29 224 912</b>	<b>34 473 430</b>	<b>5 248 518</b>
Endring 2022-2023					18 %

- Berekning av avgiftsauke på gebyr er gjort i samsvar med sjølvkostanalyse. Viser til eiga sak om handsaming av gebyrregulativet for 2022.

Sektoren er pålagt omstilling på 1 mill. som skal gjerast slik:

- Reduksjon med minimum 1,5 årsverk
- Byggdrift – sal av bygningsmasse
- Redusere frekvens reinhald
- Vurdere å privatisere reinhaldstenestene, nytte innkjøpsavtale
- Omfordeling av oppgåver internt

## 5.5 Rammeområde 9 - Finans

Under finansområdet er det budsjettet inntekter på konsesjonskraft, samt finansutgifter som ikke er budsjettet under del 1 av bevilgningsskjemaet.

<b>Finans</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Skatt på inntekt og formue			
Ordinært rammetilskott			
Skatt på egedom		70 500	
Konsesjonskraft	(5 004 500)	(5 320 742)	(17 857 300)
Havbruksfondet			
Andre generelle statstilskott			
Renteinntekter og utbytte			
Gevinst finansielle instrumenter			
Renteutgifter innlån			
Andre finansutgifter	306 726		
Kalkulatoriske renter sjølvkost			
Avdrag på lån			
<b>Sum rammeområde 9 - Finans</b>	<b>(4 697 774)</b>	<b>(5 250 242)</b>	<b>(17 857 300)</b>



## 6. Investeringar / Økonomiplan

Økonomiplanen skal i følgje Kommuneloven innehalde dei fire neste budsjettåra. Det er ein rullerande plan, der første budsjettår er bindande, og dei tre neste år skal vurderast årleg.

Fjord har mange store investeringsplanar for åra framover, utanom dei prosjekta som allereie er vedtekne og delvis igangsett. Prosjekta skal finansierast hovudsakleg ved låneopptak, mva kompensasjon og bruk av fondsmidlar. Med utgangspunkt i det oppdrag administrasjon har fått med gjennomgang av eigedommar, samt dei vurderingar som vil kome i eigarskapsmelding vert det for 2023 og vidare i 2024 også budsjettert med sal av eigedommar samt andre eigedelar.

Prioriterte prosjekt frå kommunedirektøren i 2023 er:

1. Ferdigstilling av brannstasjon i Stordal.
2. Oppgradering av Syltebøen barnehage
3. Vidare er VA område høgt prioritert i budsjett 2023 og økonomiplanperioden.

Det er gjort vedtak om å legge til rette for betre lokalitar for legekontor og helsetenester i Stordal. Administrasjon vil legge fram eiga sak om dette i februar 2023.

Høg gjeld påverkar fleire forhold. Rente- og avdragsbelastninga aukar gjennom auka minimumsavdrag. Det er viktig å vere bevisst på dette, og sørge for at Fjord kommune vert berekraftig over tid.

Alle investeringane er samla i eit felles oppsett for Fjord kommune. Administrasjon har kartlagt og prioritert prosjekt som Fjord kommune har behov for å gjere noko med i økonomiplanperioden.

For enkelte prosjekt har ein og sett utover økonomiplanperioden. Administrasjon har presentert utfordringane med innhald i investeringsplan for formannskap og gruppeleiarar i dialogmøte før endeleg investeringsbudsjett vart ferdigstilt. Endeleg framlegg til investeringsbudsjett er vist under.

## 6.1 BEVILGINGSOVERSIKT INVESTERING - Del 1

BEVILGINGSOVERSIKT INVESTERING		Budsjett	Økonomiplan			
Del 1		2022	2023	2024	2025	2026
1	Investeringar i varige driftsmidlar	47 075 000	29 350 000	20 250 000	20 650 000	32 676 000
2	Tilskot til andre sine investeringar	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
3	Tilskot til aksjer og andelar i selskap	950 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
4	Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0
5	Avdrag på lån	0	0	0	0	0
<b>6</b>	<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>48 425 000</b>	<b>30 750 000</b>	<b>21 650 000</b>	<b>22 050 000</b>	<b>34 076 000</b>
7	Kompensasjon for merverdiavgift	-8 095 000	-4 510 000	-2 440 000	-2 500 000	-4 390 000
8	Tilskot frå andre	-2 000 000	-3 500 000	-3 250 000	-2 000 000	-2 000 000
9	Sal av varige driftsmidlar	0		-3 500 000	0	0
10	Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0
11	Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
12	Mottekne avdrag på utlån av egne midlar					
13	Bruk av lån	-37 380 000	-21 740 000	-11 460 000	-16 550 000	-26 686 000
<b>14</b>	<b>SUM INVESTERINGSINNTEKTER</b>	<b>-47 475 000</b>	<b>-29 750 000</b>	<b>-20 650 000</b>	<b>-21 050 000</b>	<b>-33 076 000</b>
15	Vidareutlån	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
16	Bruk av lån til vidareutlån	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000
17	Avdrag på lån til vidareutlån	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000
18	Mottekne avdrag på vidareutlån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
<b>19</b>	<b>NETTO UTGIFTER VIDAREUTLÅN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
20	Overføring frå drift	0	0	0	0	0
21	Netto avsetningar til eller bruk av bundne invest.fond	0	0	0	0	0
22	Netto avsetningar til eller bruk av ubundne invest.fond	-950 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
23	Dekning av udekkede beløp tidlegare år	0	0	0	0	0
24	Sum overføring frå drifta og netto avsetningar	0	0	0	0	0
25	Framført til inndekning i seinare år udekkede beløp	0	0	0	0	0

Oppsummert er administrasjon si vurdering slik:

Nivå på investeringar må vere slik at det er forsvarleg både for dei som skal gjennomføre vedtekne prosjekt samt at økonomien er berekraftig framover

- Fjord kommune bør ikkje investere meir enn det ein betaler i avdrag pr år for ikkje å auke lånegjelda vesentleg framover.
- Nivå på låneopptak bør i gjennomsnitt i økonomiplanperioden ikkje overstige minsteavdrag på om lag 16,5 – 17 mill. pr år.
- Administrasjon vurderer dette som maksimalt investeringsnivå for Fjord kommune.

## 6.2. Bevilgningsoversikt investering, del 2

Prosj.nr.	BEVILGNINGSSKJEMA investering Del 2	Rest 2022	Budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
I130101	Avslutte arkiv Fjord kommune og Norddal Elverk	753 512		500 000	500 000	426 000
I130102	IKT - oppgradering til felles plattform	15 995	750 000	750 000	500 000	400 000
I130101	Acos - skydrift	-87 669				
I130203	Systemutvikling	200 000				
	<b>SUM ADMINISTRASJON</b>	<b>881 838</b>	<b>750 000</b>	<b>1 250 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>826 000</b>
	<b>SUM KYRKJE</b>	<b>274 343</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>
I300001	Velferdsteknologi	1 146	0	300 000	300 000	300 000
I380001	Pasientvarsling	-1 268 621				
I300010	Helseplattforma vedtak 12.05.2022	8 116 884				
	<b>SUM HELSE</b>	<b>6 849 409</b>	<b>0</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>
	<b>OPPVEKST OG KULTUR</b>					
I241001	Nytt biblioteksystem	100 000				
I200001	Digitalt undervisningsutstyr	125 462		300 000	300 000	300 000
	<b>VEGAR OG BRUER</b>					
I421008	Oppgradering vegar inkl. asfaltering.	435 461	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 500 000
I421009	Skibru Kvittane( Utbyggingsmidlar )	2 000 000				
I421001	Hjellevegen	1 049 688				
I421002	Parkeringsplassar Ytterli og Rønneberg	198 898				
I421003	Vegar og bruer Fjord (inklusive Pusken bru )	322 703	2 000 000	2 000 000	2 000 000	3 000 000
I421004	Veg Øvre Dyrkorn	2 492 827				
I421005	Griggåsrobbane, veg og teknisk anlegg	881 397				
I421006	Avslutte grunnerverv tidlegare prosjekt.	155 348				
I421007	Investering rekkverk	109 756	150 000	150 000	150 000	150 000
I421102	Ladeinfrastruktur	-211 978				
	<b>REGULERINGSPLANAR - AREALUTVIKLING</b>					
I430001	Planarbeid Muribugen	500 000				
I430002	Planarbeid og opparbeiding Omenås bustadfelt	1 150 000		500 000		
I430004	Oppgradering og sikring av leikeplassar	249 741	200 000	200 000	200 000	200 000
I430005	Planarbeid Sjøareal (felles m/Stranda & Sykkylven)	-249 046				
I430006	Sentrumsutvikling i ulike bygder		250 000		250 000	
I430007	Kartlegging og sikring mot skredfare i Fjord	809 067				
I430008	Fjord kommune rullering arealplan	150 000	850 000			
I430010	Eidsdal Sentrum, reguleringsplan	150 000				
	<b>BRANN</b>					
I450003	Eidsdal Redningsbil/teknisk utstyr brannvern	-88 588				
2026-1	Brann jfr. Eige oppsett		150 000	1 150 000	750 000	7 250 000
	<b>VAR-Investeringar</b>					
I470101	Vassverketbygging i Fjord kommune	3 275 334	3 000 000	3 000 000	3 000 000	4 000 000
I470103	Avløpsanlegg i Fjord kommune	1 876 460	3 000 000	3 000 000	3 000 000	4 000 000
	<b>TEKNISK</b>					
I492001	Rehab garderobe mm Stordal skule	357 155				
I492003	Oppgradering Eidsdal Skule	2 935 432	11 500 000	4 000 000		
I492004	Tiltak mot radogass	12 693				
I492006	Syltebøen bHG - ombygging/tilpassing inkl. uteområde	6 866 494	5 000 000			
Økplan	Syltebøen barnehage inventar			700 000	100 000	
I492007	Dalsbygda barnehage, rassikring uteområde,	-52 038		350 000		
1-økplan	Dalsbygda barnehage, vognskur	0				
I492008	Stordal skule oppgradering for behov i kulturskolen	208 879				
2-økplan	Stordal skule behov for oppgradering av mellombygget					5 000 000
I492101	Naudstraumsaggregat Stordalshallen	500 000				
I492301	Valldal Fjernvarme nødvendig utvikling av anlegget	500 000	500 000	250 000	250 000	250 000
I492302	Brannstasjon Stordal	17 123 300				
I492204	Innløysing Stordalsvegen 661 Gnr. 129 Bnr. Nr. 3	1 842 891				
I492402	Sagatun, omsorgsbustader	303 323				
I492404	Helsehus Stordal, kartlegging og planlegging	93 494	200 000			
I492405	Ombygging Simamarka 18	798 329				
I420501	Overgang til bilar som går på el. eller anna fornyb.energi	393 000	400 000	400 000	400 000	400 000
3-økplan	Oppgradering teknisk rom og basseng Valldal skule				5 000 000	
4-økplan	Elektronisk læsesystem kommunale bygg			250 000	250 000	500 000
6-økplan	Roa - bygg med 4 uteeieiningar i Valldal				750 000	1 500 000
7-økplan	Valldal skule, diverse utenomhusanlegg					
8-økplan	Stordalhallen, rehabilitering					
I430010	Industriområder, nye areal Fjord	750 000		750 000	100 000	100 000
9-økplan	Stordal kai	0				2 700 000
10-økplan	Digitalisering av teikningar + tilstandsanalyse komm.bygg	0		300 000	300 000	300 000
11-økplan	Tafjord friluftsbad stort behov for kartl/gj.føring av tiltak	0			250 000	
12-økplan	Stordal kommunehus, stort behov	0			300 000	
18-økplan	Elvetun, ombygging og oppgradering, tilpassing	200 000				
13-økplan	Eidsdal omsorgsbustader, Renovasjonskur	0			200 000	
14-økplan	Oppgr. av kjøkken Eidsdal omsorgsbustader leilegheiter	0			400 000	
15-økplan	Dalsbygda barnehage nytt tak	0				
I430011	Rassikring hyttefelt og bustadområde	914 684				
16-økplan	Stordalstunet diverse					
17-økplan	Kirkebøe stadion Led lys					
18-økplan	Heiser VTS	35	0			
19-økplan	Elvetun mm. Uteområde		0			
	<b>SUM teknisk næring og miljø</b>	<b>46 385 314</b>	<b>28 200 000</b>	<b>18 300 000</b>	<b>18 950 000</b>	<b>31 150 000</b>
	<b>TOTAL</b>	<b>54 390 904</b>	<b>29 350 000</b>	<b>20 250 000</b>	<b>20 650 000</b>	<b>32 676 000</b>

## 6.3 Kommentar til nye og eksisterende investeringsprosjekt

Kort beskrivelse om bakgrunn og behov for nye og eksisterende prosjekt.

Prosjekt nr.	Prosjekt navn	Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens)
I130101	Digitalisering av gamle arkiv	<b>Bakgrunn:</b> Frå 2022 og framover er det inngått avtale med IKA M&R om innlevering av papirarkiv frå Norddal og Stordal kommune. For 2022 og 2023 er det vurdert som nok med overførte midlar. Det er i avtalen frå IKA ein totaltkostnad frå 2022 på ca. 2 300 000,-. <b>Behov:</b> Digitalisering av papirarkiv er viktig for å ivareta oppslag i kommunen og sikre ivaretaking av dokument i samsvar med arkivlova og GDPR.
I130202	Digitalisering/IKT felles plattform	<b>Bakgrunn:</b> Digitaliseringa i samfunnet krev jamn utskifting av utstyr for å følgje opp digitaliseringsstrategi og arbeide smartare. Norddal og Stordal var på ulikt nivå når ein slo seg saman til Fjord kommune. Her er enno eit etterslep for å kome på ønska nivå, for så å ta det over på drift. <b>Behov:</b> For å utvikle kommunen må nødvendig infrastruktur og utstyr på plass. Det kjem til ein ekstra kostnad med etablering av Helseplattforma, men dei kostnadane vert samla der.
I130203	Systemutvikling	<b>Bakgrunn</b> Systemutvikling Visma Busines/økonomisystem og lønn HRM. Alle kommuner er på veg inn i skyløysing. Fjord kommune er med i innkjøpsamarbeid med Sykkylven, Stranda, Sula, Giske og Ålesund( Innkjøpsamarbeidet i Ålesund. Desse saman med ROR IKT og ORKIDE kommunen må ut på anbud med alle system økonomi, lønn/ HRM. <b>Behov:</b> Alle system tilknytt økonomi, HRM-lønn, e-handel- mm. I Visma Business pakken skal ut i skyløysing. Noverande løysing vil om kort tid miste support oppfølging. Det er og lenge sidan det har vore gjennomført innkjøp av denne programpakken. Det er derfor heilt nødvendig at Fjord kommune er med på denne anskaffelsen.
I133001	Kyrkja	<b>Bakgrunn:</b> Fjord kommune får kvart år søkand frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd om Fjord kommune sitt bidrag inn i nødvendige investeringsprosjekt i Kyrkjene i Fjord kommune <b>Behov:</b> Fjord kommune bevilger kvart år kr. 400 000 til investering i kyrkjene i Fjord kommune kvart år. Utviding av gravplass i Valldal vil kome som eiga sak.
I300001	Velferdsteknologi	Setter av kr. 300 000 pr. år. Viktig å få utarbeid plan for dette, samt å synleggjere kva investeringane medfører i sparte kostnader. Samarbeidsprosjekt i MISU om innføring av velferdsteknologi. Strategi i forhold til velferdsteknologi bør omhandlast i plan for Helse omsorg og velferd
I380001	Pasientvarsling	<b>Bakgrunn:</b> Pasientvarslingsanlegget ved Valldal sjukeheim var utdatert. Nytt varslingsanlegg med støtte for velferdsteknologi installert. Prosjekt ferdigstillt i juni 2022
I300010	Helseplattforma	<b>Bakgrunn:</b> Helseplattforma er ei felles digital plattform for helsetenestene og pasientar i Midt-Norge. HP er eit verktøy som vil samle journalverktøy, pasientadministrasjon og fagsystem innan same løysing. Forprosjekt ferdig. Hovudprosjekt i prosess. Fjord kommune planlegg å ta løysinga i bruk i november 23.
I241001	Biblioteksystem	<b>Bakgrunn:</b> Krav om innføring av nytt biblioteksystem i 2022. Utsatt til 2023. <b>Behov:</b> Krav, må gjennomførast.
I200001	Digitale læremiddel	<b>Bakgrunn:</b> Skulekvardagen i stor endring. Digitaliseringa pregar skulekvardagen. <b>Behov:</b> Digitale tavler etc må kome på plass i klasserom som ikkje har. Også behov for utskifting. Tilpassing til ei digital undervisning, digital tid.
I421008	Oppgradering vegar inkl. asfaltering.	<b>Bakgrunn:</b> Det er stort behov og etterslep på asfaltering av kommunale vegar. Ein del kommunale vegar har fortsatt grusdekke. <b>Behov:</b> Det er lite rom for asfaltering i driftsbudsjett, og må settast av årleg sum for å oppretthalde standard
I421009	Skibru Kvitlane( Utbyggingsmidllar )	<b>Bakgrunn:</b> Reguleringsplan for hyttefelt H60 på Langsætranestiller krav om opparbeiding av skibru i samband med utbygging av hyttefeltet pga auka trafikk. Dette gjeld forskottering av bygging. Forutsetning at dette vert finansiert via utbyggingsavtalar i H60. <b>Behov:</b> Estimert til kr 2 mill. Vil vere avhengig av oppstart frå utbygger. Midlane overførast frå 2022 til 2023.
I421001	Hjellevegen	<b>Bakgrunn:</b> Prosjektet er under avslutning. Blir fullført i 2022. <b>Behov:</b> gjennomførast innanfor gjeldande løyving
I421002	Parkeringsplassar Ytterli og Rønneberg	<b>Bakgrunn:</b> Stort behov for parkeringsplassar på Rønneberg og Ytterli. <b>Behov:</b> Rønneberg ferdig. Utfordringar med arkeologi på Ytterli vil truleg gjere prosjektet dyrare. Ny eigar på Ytterli har lansert alternativ parkeringsplass med samarbeid kommune/grunneigar.

Prosjekt nr.	Prosjekt namn	Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens)
1421003	Vegar og bruer Fjord (inkludert Pusken bru )	<b>Bakgrunn:</b> Stort behov for tiltak på vegar/bruer. Særleg knytt til oppgradering av stikkrenner, bekkeinntak og bruer. Tidlegare fremja tiltak både ved Raudebrua og Remsbrua. Kalkyle utført av safecontroll desember 2020 viser rehabiliteringsbehov for 1,8 mill på Raudebrua, men stor usikkerheit og prisstigning knytt til slik rehabilitering. Dagens bru er kun brei nok til personbilar og har 5 tonn totalvekt. Ny bru 4 m breidde og 50 tonn totalvekt er kalkulert til 6 mill. Klar tilråding frå brukontroll: Ny bru innan 1-2 år eller stenge brua. Remsbrua krev tiltak: Enten nedklassifisering med oppgradering for kr. 1,5 mill eller ny bru kr. 9,4 mill. Puskebrua ligg også inne her. Er planlagt hovedkontroll på øvrige bruer i 2023. <b>Behov:</b> Må vere årlege løyvingar som tek høgde for desse tiltaka.
1421004	Veg Øvre Dyrkorn	<b>Bakgrunn:</b> Dårleg vegstrekning på Øvre Dyrkorn. Må få prioritet frå adm no når Hjellevegen er ferdig. Delar av strekket mot Lien har fått autovern hausten 2022 + utbetring av stikkrenne. Påbegynt prosjektering for utbetring av Alleen. <b>Behov:</b> Gjennomførast innafor tidlegare løyve midlar.
1421005	Griggåsrbbane, veg og teknisk anlegg	<b>Bakgrunn:</b> Veglys til barnehage + straumtilførsel tomter. Reguleringsendring skal gjennomførast før tomter vert tildelt. <b>Behov:</b> Gjennomførast innafor tidlegare løyve midlar.
1421006	Avslutte grunnerv tidlegare prosjekt.	<b>Bakgrunn:</b> Gamle saker med grunnerv som ikkje er fullførte. Blant anna Rønnebergvegen. Restmidlar må overførast til 2023.
1421007	Investering rekkverk	<b>Bakgrunn:</b> Vegstrekningar med manglande eller behov for utskifting av rekkverk. Kun mindre skader/utbetringar blir teke på drift. <b>Behov:</b> Nødvendig trafikksikringstiltak, må vere årlege løyvingar eller auke drifta
1421102	Ladeinfrastruktur	<b>Bakgrunn:</b> Montering av 12 elbilladepunkt på kommunale bygg. Tilskot 160 000 til ladestasjonar kjem i tillegg. <b>Behov:</b> Er gjennomført og blir avslutta i 2022.
1430001	Planarbeid Muribugen	<b>Bakgrunn:</b> Populært og mykje brukt badeplass og friluftsområde. <b>Behov:</b> Offentleg toalett, utbetring av parkeringsforhold, skilting, tursti aust-vest og generell tilrettelegging/opprydding. Prosjekt som administrasjonen meiner ikkje kan prioriterast
1430002	Planarbeid og opparbeiding Omenås bustadfelt	<b>Bakgrunn:</b> Trenge fleire bustadtomter i dette området. Primært gjennom fortetting av eksisterande bustadfelt. <b>Behov:</b> Ny reguleringplan, deretter opparbeiding.
1430003	Tettstadutvikling	Avslutte pågåande prosjekt i Valldal med rapport til Møre og romsdal fylkeskommune og utbetaling av tilskot.
1430004	Oppgradering og sikring av leikeplassar	<b>Bakgrunn:</b> Har gjennomført ekstern kontroll av leikeplassar. Må rive ein del utstyr og over tid etablere nye leikeapparat. <b>Behov:</b> Må vere avsett årlege midlar til dette
1430005	Planarbeid Sjøareal (felles m/Stranda & Sykkylven)	<b>Bakgrunn:</b> Trenge ein samla plan for bruk av sjøareal. Fjord kommune sin andel i prosjektet som er felles med Stranda og Sykkylven. Oppdraget er tildelt Rambøll. <b>Behov:</b> Vidareførast i 2023
1430006	Sentrumsutvikling i ulike bygder	<b>Bakgrunn:</b> Ynskje om å tilrettelegge for attraktive sentrumsareal i bygdene. Initiativ frå Norddal idrettslag om opparbeiding av aktivitetspark i Norddal. Idrettslaget har engasjert landskapsarkitekt, og legg opp til ei finansiering dels med gåvemidlar, tippemidlar, dugnad og kommunal stønad. <b>Behov:</b> Kommunal andel for at prosjektet skal gjennomførast.
1430007	Kartlegging og sikring mot skredfare i Fjord	<b>Bakgrunn:</b> Utredning og gjennomføre skredsikring for bustadområde i kommunen. <b>Behov:</b> I første omgang vidareføre sikring av tomteområde i Norddal.
1430008	Fjord kommune rullering arealplan	<b>Bakgrunn:</b> Gjeldande kommuneplanar er gamle og utdaterte. Desse må rullerast for å kunne imøtekomme dages krav for planlegging knytt til bustader, hytter og næringsutvikling. <b>Behov:</b> ved rullering av arealplan for Fjord kommune er det behov for innleige av ekstern kompetanse
1430010	Eidsdal Sentrum, reguleringsplan	<b>Bakgrunn:</b> Ny reguleringsplan for Eidsdal sentrum saman med Hofseth International AS og Møre og Romsdal fylkeskommune. <b>Behov:</b> Løyving til kommunal andel vidarefrast.
1450003	Eidsdal Redningsbil/teknisk utstyr brannvern	Ny redningsbil må innkjøpast i samband med ny tunell i Indreidsdalen. Delfinansiering, Resten betalt av Statens Vegvesen. Redningsbil med 5 pers pluss tank
2026-1	Brann jfr. Eige oppsett	Behov for ny redningsbil med plass til 5 (7) personar. Ikkje vurdert at det er rom for dette i økonomiplanperioden

Prosjekt nr.	Prosjekt namn	Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens)
I470101	Vassverktbygging i Fjord kommune	<b>Bakgrunn:</b> I Fjord kommune er det stort behov for investering innanfor vassforsyning. Gjeld særleg reservevasskjelder + mykje gammalt ledningsnett. I tillegg kjem utvidingar knytt til nye hytteområder. Det er plan å innhente ekstern kompetanse for å rullere hovedplan for vatn. <b>Behov:</b> Det må budsjetterast for større tiltak i dei kommande åra
I470103	Avløpsanlegg i Fjord kommune	<b>Bakgrunn:</b> I Fjord kommune er det stort behov for investering innanfor avløp. Gjeld særleg reinseanlegg + mykje gammalt ledningsnett. I tillegg kjem utvidingar knytt til nye hytteområder. Det er plan å innhente ekstern kompetanse for å lage ny hovedplan for avløp. <b>Behov:</b> Det må budsjetterast for større tiltak i dei kommande åra
I492001	Rehab. av garderober/symjehall Stordal skule	<b>Bakgrunn:</b> Jfr KS 078/21 vedtak: "Fjord kommune vedtek å stje i gang naudsynt betongrehabilitering ved basseng Stordal skule. Øvrige tiltak knytt til rehabilitering blir utsett." Saka omhandla rehabilitering av garderober, basseng og delvis teknisk rom. Etter innkomne anbod viste prosjektet å koste 14,6 mill. I samsavr med vedtak er det gjennomført dei mest naudsynte tiltak for å stoppe armeringskorrosjon og stoppe ein del lekkasjar i bassenget innafor ei ramme på 1,5 mill. Dette er gjennomført i 2022. <b>Behov:</b> Dette gjer at øvrige tiltak kan utsetjast nokre år. Men ein må i løpet av få år ta stilling til om resten skal gjennomførast eller om bassenget skal takast ut av bruk.
I492003	Oppgradering Eidsdal Skule	<b>Bakgrunn:</b> Eidsdal skule har eit større behov for renovering. Planlegginga er starta, og det er utarbeidd teikningsgrunnlag mtp oppgradering til 1-10 skule + areal til folkebibliotek.
I492004	Tiltak mot radongass	<b>Bakgrunn:</b> Tidlegare kartlegging har vist behov for tiltak. Det er gjennomført nye målingar veda alle kommunale bygg i 2022. Tiltak utført ved Valldal skule. <b>Behov:</b> Ytterlagare tiltak blir avventa til kontrollmålingar er utførte vinteren 22/23
I492006	Syltebøen barnehage - ombygging/tilpassing inkl. uteområde som nærmiljøanlegg	<b>Bakgrunn:</b> Det er behov for kapasitetsauke samt oppgradering m.a. med tanke på universiell utforming og betre fasilitetar for personalet. <b>Behov:</b> Administrasjon vurderer dette slik at det bør vere klart hausten 2023.
Økplan	Syltebøen barnehage inventar	<b>Bakgrunn:</b> Ombygging av barnehagen/nybygg. <b>Behov:</b> Stort sett utslite, gamalt inventar.
I492007	Dalsbygda barnehage, rassikring uteområde,	<b>Bakgrunn:</b> Tiltak jfr skredrapport etter stein kom ned på uteområdet. Utført i 2022 gjennom fanggjerdje. <b>Behov:</b> Avsluttast innanfor gjeldande løyving
1-økplan	Dalsbygda barnehage, vognskur	Ikkje prioritert før etter avklaring om struktur.
I492008	Stordal skule oppgradering for behov i kulturskulen	<b>Bakgrunn:</b> Kulturskulen treng nye lokaler. Øvingslokaler er utført. Opprusting av lærerrom kulturskulen + musikkrom står igjen. Det er søkt om eksterne midlar for fullfinansiering. <b>Behov:</b> Avsette midlar vidareførast til 2023.
2-økplan	Stordal skule behov for oppgradering av mellombygget	<b>Bakgrunn:</b> Mellombygget ved Stordal skule treng oppgradering. <b>Behov:</b> Kledning, vindu, asbestsanering samt øvrig oppgradering. Ikkje prioritert i økonomiplanperioden.
I492101	Naudstraumsaggregat Stordalshallen	<b>Bakgrunn:</b> Naudstraum til Stordalshallen ettersom dette tenkt brukt som lokale ie ein krise/evakueringssamanheng. Blir no løyst med eit større aggregat som kan drifte både brannstasjon og Stordalshallen. <b>Behov:</b> Gjennomførast innanfor tidlegare løyvde midlar.
I492301	Valldal Fjernvarme nødvendig utvikling av anlegget	<b>Bakgrunn:</b> Større kundegrunnlag trengs for Valldal fjernvarme. Aktuelt med tilknytning av Syltebøen barnehage i samband med rehabilitering. <b>Behov:</b> Omlag 100 m med grøft og rør + undersentral inne i bygget.
I492302	Brannstasjon Stordal	<b>Bakgrunn:</b> Bygging pågår, ferdigstilling mars 2023. <b>Behov:</b> Gjennomførast innanfor løyvde budsjetteramme.
I492204	Innløysing Stordalsvegen 661 Gnr. 129 Bnr. Nr. 3	<b>Bakgrunn:</b> Vedtak om innløysing av bustadeigedom, no regulert til offentlege formål. <b>Behov:</b> Midlar setjast av for 2023.
I492402	Sagatun, omsorgsbustader	<b>Bakgrunn:</b> Bygningsmessig oppgradering av leilegheiter. Det meste gjennomført. <b>Behov:</b> 38 Fullførast innanfor gjeldande løyving.

Prosjekt nr.	Prosjekt namn	Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens)
1492404	Helsehus Stordal, kartlegging og planlegging	<b>Bakgrunn:</b> Vedtak om å vurdere naudsynte tiltak i eksisterande helsebygg samt vurdere alternativt i leigde lokaler. Kommunedirektøren ser ikkje at det er rom for dette i økonomiplanperioden. <b>Behov:</b> Få avklara kostnader knytt til desse to alternativa før det blir gjort endeleg vedtak.
1492405	Ombygging Simamarka 18	<b>Bakgrunn:</b> Ombygging/tilrettelegging av leilegheit i samsvar med behov til ny bebuar. Arbeidet pågår. <b>Behov:</b> Fullførast i 2022
1420501	Overgang til bilar som går på el. eller anna fornyb.energi	<b>Bakgrunn:</b> Stort behov for fornying av maskinpark bilar mm. Spesielt også som klimatiltak. <b>Behov:</b> Det må budsjetterast for kjøp av nye bilar i åra som kjem. Alternativt kan dette takast som leasing over driftsbudsjett.
3-økonomiplan	Oppgradering teknisk rom og basseng Valldal skule	<b>Bakgrunn:</b> Tilstandsanalyse frå Norconsult i 2020 konkluderer med eit renoveringsbehov på kr 5 mill for teknisk rom og basseng ved Valldal skule. Det kan søkjast om spelemidlar til dette tiltaket Mtp økonomi bør dette sjåast i samanheng med bassenget ved Stordal skule, då begge bassenga har relativt kort driftstid pr år samt at der kjem stadig nye krav til drift av symjeanlegg. <b>Behov:</b> Tiltak må gjennomførast i løpet av få år. Kommunedirektør ser ikkje rom for dette i innverande økonomiplanperiode
4-økonomiplan	Elektronisk låsesystem kommunale bygg	<b>Bakgrunn:</b> Fjord kommune har fortsatt mange kommunale bygg som ikkje er tilknytte elektroniske låsesystem. <b>Behov:</b> Dette vil ver foreskjellig, frå skall-sikring til enkle elektroniske låssylindrar. Det bør køyrast eit kartlegging av dagens låsesystem, lagast ein plan for framtidige løysingar, og over nokre år skifte låsar/nøklar. Dette har betydning for både sikkerheit, tilgangsstyring og arbeidet med nøkkeladministrasjon.
5-økonomiplan	Valldal sjukeheim, dement avdeling ombygging av kjøkken, vinterhage, bad.	<b>Bakgrunn:</b> Behov for bygningsmessig oppgradering. <b>Behov:</b> Administrasjon vil ha vurdert om dette er rett plassering av avdeling for personar med demens. Samtidig bør ein vurdere organisering av tenesta for heile kommunen. Budsjettering vert gjennomført når struktur er avklart
6-økonomiplan	Roa - bygg med 4 utleigeiningar i Valldal	<b>Bakgrunn:</b> Renoveringsbehov. <b>Behov:</b> Ei leilegheit som står tom blir no renoverast over drift. Ytterlegare ei leilegheit må renoverast på kort sikt. Dei to siste leilegheitene må renoverast i løpet av få år.
7-økonomiplan	Valldal skule, diverse utenomhusanlegg	<b>Bakgrunn:</b> Utviding av eksisterande naturklatrepark og uteområdet ved Valldal skule <b>Behov:</b> vert å vurdere gjennomføring seinare i økonomiplanperioden.
8-økonomiplan	Stordalhallen, rehabilitering	<b>Bakgrunn:</b> Bygningsmessige tiltak. Golv, skifte av kledning og vindu med roteskader. <b>Behov:</b> Vert å vurdere gjennomføring seinare i økonomiplanperioden
1430010	Industriområder, nye areal Fjord	<b>Bakgrunn:</b> Fjord kommune har ikkje industritomter som er byggklare. Vurdere kjøp av areal mellom anna på Vinjesanden. Opparbeiding i neste omgang. <b>Behov:</b> Vert å vurdere seinare i økonomiplanperioden,
9-økonomiplan	Stordal kai	<b>Bakgrunn:</b> Rapport frå Safecontroll utført i desember 2020 beskriv naudsynte tiltak for 2,7 mill innan 2-5 år for å kunne opretthalde kaia med dagens klassifisering <b>Behov:</b> Tiltak må gjennomførast inns rimeleg tid for å unngå nedklassifisering.
10-økonomiplan	Digitalisering av teikningar og tilstandsanalyse av kommunale bygg	<b>Bakgrunn:</b> Fjord kommune har stort behov for å digitalisere teikningar mm. knytt til kommunale bygg og anlegg. Det er også behov for å gjennomføre ei tilstandsanalysering av desse. Dette vil igjen gje betre grunnlag for langtidsbudsjettering og utarbeiding av vedlikehaldsplanar. <b>Behov:</b> Må setjast av årlege løyvingar for å gjennomføre dette arbeidet.
11-økonomiplan	Tafjord friluftsbad stort behov for kartlegging og gjennomføring av tiltak som HC toalett mm.	<b>Bakgrunn:</b> Tafjordbadet er over 30 år gammalt. Tidlegare i brudjettprosessar fremja tiltak til HC/UU. Pr ei dag er ikkje badet tilrettelagt for dette, samtidig er der eit generelt behov for oppgradering. <b>Behov:</b> Om badet skal drivast vidare i åra som kjem, må der gjerast noko. Det vil ver hensiktsmessig å gjennomføre eit forprosjekt for å vurdere ulike tiltak kan vere ei løysing.
12-økonomiplan	Stordal kommunehus, vanskeleg å vurdere nivå med det er eit stort behov.	<b>Bakgrunn:</b> Tak, takrenner, Varmestyring, Asbestsikring, generell oppgradering, tak og fasader. <b>Behov:</b> Må gjerast tiltak i løpet av få år, bør setje av midlar til eit forprosjekt som tek meir stilling til framtidig behov.
1492406	Elvetun, ombygging og oppgradering, tilpassing	Vurdere kva bygget skal brukast til først

Prosjekt nr.	Prosjekt namn	Beskriving (bakgrunn, behov, konsekvens)
13-økplan	Eidsdal omsorgsbustader, Renovasjonsskur	Vert å vurdere i økonomiplanperioden
14-økplan	Oppgr. av kjøkken Eidsdal omsorgsbustader leilegheiter	Leilegheitene ved Eidsdal omsorgsbustader har behov for oppgradering til høgare standard
15-økplan	Dalsbygda barnehage nytt tak	Ikkje prioritert i økonomiplanperioden.
I430011	Rassikring hyttefelt og bustadområde	
16-økplan	Stordalstunet diverse	Avvente struktur
17-økplan	Kirkebøe stadion Led lys	<b>Bakgrunn:</b> Lysanlegget ved Kirkebøe stadion er gammalt, og fleire av armaturane blir vanskelgare å få delar til. <b>Behov:</b> Bør oppgraderast til LED- lys. Bør søkjast om spelemidlar, og ansvarsforhold mellom FK og SIL bør avklarast.
18-økplan	Heiser VTS	<b>Bakgrunn:</b> Sengeheis ved VTS må gjennom større oppgradering. Noko blir teke i drift, men skifte av hydraulikkentral er større sum. Personheis ved open omsorg stettar ikkje dagens krav og må etter kvart stengast eller skiftast ut. <b>Behov:</b> Sette av midlar til sengeheis i 2023. Personheis kan avvente litt.
19-økplan	Elvetun mm. uteområde	



## 7. Budsjettkommentarar frå einingane

### 7.1.1 Fellestenestene/ STAB

#### Kort skildring av verksemda

- Koordinerer digitaliseringsarbeidet i kommunen
- IT-bistand ut i einingane
- Overordna planarbeid, herunder samfunnsdelen
- Overordna beredskapsarbeid
- Rekruttering
- HMS, GDPR, intern/ekstern-kommunikasjon/informasjon
- Veiledning og opplæring av tilsette og leiarar på alle nivå
- Systemoppfølging og ansvar (ACOS, webcruiter, Visma, compilo mm.).
- Sjukefrårversoppfølging
- Servicefunksjonar/førstelinjeteneste for kommunen, publikumsretta tenester og interne tenester.
- Ansvar for politisk sekretariat med alt det inneber, samt ansvar for planlegging og gjennomføring av stortings- og kommuneval.
- Ansvar for samordning/innhenting av dokumentfangst, informasjon og arkivering.
- Saksbehandling

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antall tilsette	8	11	9*	9
Antall årsverk	7,3	9,8	8,8*	8

\*10 tilsette på 9,8 årsverk fram til 01.05.2022.

#### Premisser for budsjettet 2023

Ytterligere reduksjon på tal tilsette og årsverk, men fortsatt same oppdragsmengde. Det er ei jamn endring på digitale system inn i kommunen for å henge tritt med den utviklinga ein har i samfunnet. Dette skaper betre flyt og mindre manuelle oppgåver, men medfører til auka IT-kostnader. Dette krev god samhandling med eKommune Sunnmøre for å god utnytting av deira kompetanse og overvåking på sikkerheit (data og personvern).

Ein vil fortsette med å vidareutvikle, vedlikehalde og samordne gode tenester internt og eksternt. Opplæring må følgje i tråd med den digitale utviklinga og kommunen har ein del å hente på digital kompetanse for tilsette og innbyggjarane.

Det må arbeidast vidare med å få kommunen sine styringsdokument (kommuneplan, økonomiplan, digitaliseringsstrategi, energi- og klimaplan etc.) meir integrert kommunen og lokalsamfunnet. Det fordrar bevisstgjeri i alle prosessar ein har.

Det er nytt kommuneval på hausten og det vil medføre ein del ekstraoppgåver for enkelte i ei periode.

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

2022 har vore STABen sitt første driftsår der ein slo saman tre områder (personal, fellestenesta, plan/IKT/Beredskap) til ein felles. Arbeidsoppgåvene er fortsatt fordelt mellom fellestenesta, personal og plan-, beredskap og IKT, men ein har eit tettare samarbeid som har vore bra. Kommunen er fortsatt ung og ein har enda ikkje klart å få den gevinsten ein har ønska. Dette har nok ein del forklaring i koronaen som har vore ein del av samfunnet sidan 2020 og ut 2021. Den vart avløyst av krigen i Ukraina frå februar. Normal drift har verken kommunen eller STAB hatt sidan 2020, men vi er god på å løyse oppdrag og utvikle oss i positiv retning. Ein del rutiner/reglement har kome på plass i

kommunen sitt dokumentbibliotek og det er etablert god kontakt i 3-partssamarbeidet gjennom HMS-utvala.

Digital kompetanse i kommunen er fortsatt for dårleg og vi må nok jobbe meir med bruken av alle dei verktøya vi har for å få enda betre flyt og effekt enn det vi har i dag.

Rekrutteringa i kommunen er varierende, men med gode prosessar. Det har vore litt for mykje turnover på teknisk dei siste åra som det er vanskeleg å få rekruttert personale til saman med sjukepleiar. Sjukefråveret er noko lavara enn tidlegare, men fortsatt ein del å hente her på godt oppfølging/samhandling mellom leiar, tilsett, NAV og Lege.

### Mål for eininga 2023

Mål 1	Kompetanseheving
Mål 2	Arbeide for ei framtidsretta kommune
Mål 3	Utvikle gode arbeidsprosessar og innføring av mål- og handlingsplanar knytt mot styrande planverk.

### Tiltak for å nå måla:

- Bruke og utvikle dei strategiane som er laga for kommunen.
- Kompetanseheving på digitale system og etter- vidareutdanning for tilsette der det er behov.
- Internopplæring på nye system ved å ha gode superbrukarar og ekstern støtte ved behov.
- Utvikle, veilede og trygge leiarane på rolla og i bruk av våre system/prosessar.
- Etablere gode mål og delmål frå grasrota og til kommuneleiinga for å ha ein eintydig forståing på vi arbeider mot.
  - Etablere betre oppfølging i sektor og einingane på dei mål som er bestemt (økonomi, sjukefråver, handlingsplanar, tilsyn etc.):

### Nye tiltak innanfor ramme:

- Ligg i investerings- og driftsbudsjett

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Auka innkjøp på IT-utstyr
- Større arrangement for tilsette som er dekt av kommunen

### Utfordringar:

- Tid, økonomi og optimalisering i bruk av digitale verktøy

## 7.2.1 Stordal barnehage

### Kort skildring av verksemda:

3 avdelings barnehage som er delt i småbarn og store barn. Totalt plass til 50 plasser. 2 avdelinger er i drift. I tillegg har vi ei avdeling som står ubrukt. Eplehagen er avdeling for barn mellom 1 – 2 år. Der er 9 barn pr no, 9 barn og fullt fra nyttår. Rådyrskogen har 13 barn mellom 3 – 5 år, herav eitt barn med 1:1 bemanning.

Bemanning	2019	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal tilsette	10	7	8	8	8
Antal årsverk	7,5	6,9	7,9	7,5	7,9

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2018	2020	2021	2022	2023
Antal elevar/barn	19	19	21	24	23
Antal på SFO					
Minioritetsspråklege	5	5			6
Spesialundervisning	1,2	1,2	1,2	1,6	910 timar
Barn med full assitentstøtte			1	1	1

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Det er vanskeleg å seie eksakt antal på både barn, årsverk og tilsette, da dette endrer seg gjennom heile året. I tillegg så har vi ei gruppesamansetjing på våren og ei anna samansetjing på hausten da eit nytt barnehageår går frå 01. august – 31 juli året etter. Dette gjer det noko uforutsigbart i forhold til budsjettåret.

Vi har barn med enkeltvedtak – ein med 1:1 bemanning og nokre med spesialped.bistand.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Kvar dag er den beste for alle barna i vår barnehage. Sosial kompetanse
Mål 2	Digital kompetanse for alle våre tilsette
Mål 3	Godt arbeidsmiljø både for tilsette, brukarar og pårørande

### Tiltak for å nå måla:

Vi jobber kontinuerlig med sosial kompetanse og lage ein god og lærerik dag for alle barna. Dette blir jobba med både på avdelingsmøter, personalmøter og i det daglege

Utviklingsarbeid gjennom Rekomp.

Fortsette Utviklingsarbeid "Ein god dag på jobb". Ergonomi.

## Nye tiltak innanfor ramme:

Vi vil videreutvikle dei arbeida vi allerede har begynt på. Få inn meir hjelp med råd og tips for ergonomi til dei tilsette.

## Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

### 7.2.2 Syltebøen barnehage

#### Kort skildring av verksemda

Syltebøen er ein 4 avdelings barnehage, der den 4. avdelinga er nyoppstarta og held til i midlertidige lokale på Elvetun. Barnetalet aukar og vi har mange små barn i år. Opningstida er 07.00 – 16.30 Vi er i ein ombyggingsfase der barnehagen får ei ny avdeling og det blir utbetringar på eksisterande avdelingar. Det neste året blir med alternativ drift i ulike lokale. Nytt av året er at vi har gått frå 2 til 3 veker feriestenging.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal tilsette		15	15	15
Antal årsverk		12,6	13	14

#### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal elevar/barn	50	47	52	56
Antal på SFO				
Minioritetsspråklege			6	6
Spesialundervisning			152 t	152 t.

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi er 52 barn ved utgang av 2022. Det er mange små barn så vi må bemanne til 75 plassar. Vi får også inn 4 nye små barn i januar 2023. Vi kjem til å trenge ekstra ressursar til norskopplæring til dei minioritetsspråklege og styrking av nokre av gruppene. Sidan det er vanskeleg å få nokon til å kome til barnehagen nokre timar for å gjere denne jobben, må vi løyse det ved å styrke avdelingane.

Eg har før skrive talet på dei som «eig» stillingane som antal tilsette. I år har eg brukt talet på både fast tilsette og vikarar som er inne og arbeider i verksemda. Difor er talet høgare.

Vi har endå for høgt fråvær.

Vi kjenner at koronatida er på hell og vi er har kome i gang med ulike utviklingsarbeid for å forbetre barnehagen.

Vi har arbeidd med

· Å auke kvaliteten på oppstart og overgangar,

- Å endre planane våre slik at dei fokuserer på rammeplanen som skal styre arbeidet vårt
- Vi har utarbeidd heilt ny årsplan
- Vi arbeider med å utvikle oss til å bruke meir digitale hjelpemiddel.

### Mål for verksemda 2022

Mål 1	Å forbetre planar, evaluering og dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet
Mål 2	Utvikle vaksenrolla. Både pedagogisk og med tanke på arbeidsmiljø.
Mål 3	Fullføre utviklingsarbeidet «Digital kompetanse» som vi er med på gjennom Udir si satsing for kompetanseheving i barnehagane.

### Tiltak for å nå måla:

Vi skal ha full gjennomgang av innhaldet i rammeplanen for alle tilsette.

- Arbeide med målsettingar i det pedagogiske arbeidet ut frå rammeplanen. Vi skal inkludere heile personalgruppa i planlegging av aktivitetar og målsetting for å få ei felles forståing i det pedagogiske arbeidet.
- Få inn gode rutiner for evaluering av arbeidet
- Som tilsett i barnehage har vi mange roller. Vi skal sjå på kva roller vi har, korleis vi utfører rollene og korleis vi kan bli meir profesjonelle i rollene vi har. Dette er også eit ledd i arbeidet vårt med arbeidsmiljø (fortsettelse av arbeidet «Ein bra dag på jobb»).
- I samband med rekomp har vi kjøpt litt nytt utstyr. Vi skal lære oss å bruke dette utstyret (og utstyr vi har frå før) slik at vi kan utnytte dette på best muleg måte.

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

Vi vil trenge ei ekstra stilling, fordi vi har fått fleire barn enn først anteke. Vi treng å styrke avdelingar til enkeltbarn med og utan vedtak og til styrka norskopplæring til minioritetsspråklege barn.

### Utfordringar:

Det blir generelt eit utfordrande driftsår under ombygginga. Det er viktig at vi i utgangspunktet har god nok bemanning. Når avdelingane skal opphalde seg på ulike stader har vi ikkje same mulegheit til samarbeid mellom avdelingar ved fråvær i personalgruppa. Det vert heller ikkje så lett for styrar å steppe inn å dekke opp ein morgon eller ein ettermiddag.

### 7.2.3 Dalsbygda barnehage

Barnehagen vert definert som ein avdelings barnehage, men er oppdelt i to grupper: Storbarn- og småbarnsgruppe. Samarbeid mellom gruppene ettermiddag der gruppene er ilag for å nytte personalressurs best mogleg. Det er SFO på barnehagen kvar onsdag og annakvar torsdag, heile dagar. Barnehageåret strekkjer seg frå august til august. Det er eit hovudopptak i året, men sidan foreldre kan søke bhg. utanom hovudopptak, kan barnehagen få inn nye barn gjennom heile året. Om ein har fått på plass bemanning for nytt barnehageår frå august (hovudopptak i mars), kan oss få nye søknader i etterkant og må auke bemanning t.d. midt i barnehageåret.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal tilsette	5	6	6	6
Antal årsverk	4,4	5,4	5,3	5,3

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal elevar/barn	16	17	17 (21)	17(20)*
Antal på SFO	2	2	5 ons, 2 tors	5 ons, 4 tors
Minioritetsspråklege	3	2	2	1
Spesialundervisning			480	480
Norskopplæring				1

\* Vi kan få inn søknadar i mars (hovudopptak), reknar med at vi får inn 2 el.3 søknadar.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Bemanning: Fører opp kun barnehagepersonale (reinholdar og vaktmeister er tilknytt TLM sitt lønsbudsjett)

Det er antall plassar og ikkje antall barn som er retningsgivande for kor stor personalressursen er. Eit barn på småbarnsgruppa teller 2 plassar fram til barnet fyller 3 år.

Med spesialundervisning meinast hjelp frå PPT og BUP.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Å få på plass vognskur, då det vert fleire små som skal sove i vogn i løpet av barnehagedagen, har ikkje plass til alle vognene inne og vi har ikkje plass med tak å setje dei ute. Det er naturleg med ei oppgradering av uteområdet i barnehagen no når rassikringsarbeidet er avslutta.
Mål 2	Personalutvikling gjennom utviklingsarbeid i barnehagen:  *Ha fokus på Rekomp og digitale verktøy i barnehagen knytt oppimot ei betre språkutvikling i barnegruppa.

	<p>*Ein bra dag på jobb. Jobbe for eit godt arbeidsmiljø for å forebygge høgt sjukefråvær.</p> <p>*Vaksenrolla i barnehagen. Ha fokus på å evaluere den pedagogiske praksisen vår i barnehagekvardagen. Kva er vi gode på og kvar kan vi verte betre.</p>
Mål 3	Få oppgradert kjøkkenet på småbarnsavdeling (kjøkkenet sto ferdig i 1994) Gjere kjøkkenet lysare, måle veggjar, lister, vindauge, tak og rammene på lys «kassene» i taket.

#### **Tiltak for å nå måla:**

Mål 1) Planlegge og avtale prosessen med TLM. Slik vi ser det kan det ordnast eit vognskur utan veldig store kostnader. Har snakka om forskjellige løysingar med driftsteknikar. Oppgradering av utearealet: Nye leikeapperat er allereie bestilt og vert sett opp i løpet av barnehageåret. Vi planlegg ein dugnad saman med foreldre for å rydde og oppgradere med enkle grep.

Mål 2) Sette av tid til utviklingsarbeid. Delta på relevante kurs. Tenkje heilskapleg i forhold til at vi driv med fleire utviklingsarbeid samtidig.

Mål 3) Dette målet har stått på lista dei tre siste åra. Det har mangla ressursar og tid til å få gjennomført oppgraderinga. Begge avdelingane burde ha vore pussa opp då det ikkje har vore gjort noko med inventar og utstyr på mange år.

#### **Nye tiltak innanfor ramme:**

Fokus på personalutvikling i personalgruppa gjennom kursing og utviklingsarbeid.

#### **Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

Vognskur er det som vi treng mest. Elles er det ønskeleg med ei oppgradering av inventar og leiker på begge avdelingane.

#### **Utfordringar:**

Å få vikarar når ein treng det, er ei utfordring.

### 7.3.1 Stordal skule og SFO

#### Kort skildring av verksemda

Stordal skule er 1.- 10. skule som ligg på Kirkebøen i Stordal. Skulen har elevar frå bygdene Stordal og Dyrkorn.

Skulen har rektor i 100% stilling, inspektør 60% stilling samt ei merkantil stilling på 20%.

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal tilsette	26	26	27	27
Antal årsverk	23	23,3	23,3	22,2

#### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal elevar	115	109	97	97
Antal på SFO	19	24	21	18
Minioritetsspråklege	0	0	0	0
Ant.timar spes.undervisn.			2 984	2 689
Norskopplæring			152	228

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi ser fortsatt ein auke i talet på elevar som har behov for spesialundervisningstimar, i tillegg har vi fleire elevar som treng ein til ein oppfølging gjennom heile skuledagen.

Vi har stor fokus på arbeidet rundt arbeidsmiljø som førebyggjande faktor for sjukefråvær blant dei tilsette.

#### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Å skape eit inkluderande læringsmiljø med vekt på sosial kompetanse, motivasjon og livsmeistring Delmål: 1.Vidareutvikle god og inkluderande undervisning med vekt på motivasjon, psykisk helse og livsmeistring. 2. Vidareutvikle relasjons- kompetanse- å ha god dialog og samspel i personalet, med elevane og med heimane. 10 trinnsmodell for problemløysing.
-------	--



Mål 2	Fagfornyninga, lokale læreplanar
Mål 3	Digital kompetanse -Elevane skal kunne bruke digitale læremiddel som fremjar læring i alle fag. -Utarbeide digital kompetanseplan.

### **Tiltak for å nå måla:**

#### Inkluderande læringsmiljø:

Jobbe med dette gjennom arbeidet med verdigrunnlaget til skulen.

Vi jobbar med både haldningar, kunnskap og handlingar.

Nytte prinsippa frå god klasseleiing og tilpassa opplæring for å skape inkluderande undervisningsøkter. Nytt proaktiv leiing av åtferd i klasserommet.

I klasserommet: Lærarar legg til rette for ein samarbeidskultur mellom lærar og elevar, og mellom elevane, og eit trygt og forutsigbart klasse miljø. Lærar modellerer toleranse for mangfald og ser på ulikheit som normalt.

Arbeide med rutinar som støttar opp om gode undervisningsøkter- inspeksjon, læringsstrategiar/undervisningsmetodar, ordensreglar/klassereglar, språkbruk

Nytte verktøyet Snakkmedbarn.no som støtte for å ta både dei vanskelege og viktige samtalane med elevane.

Bruk av kontekstmodellen ( LP- modellen) under arbeid der dette verktøyet er fornuftig å ta i bruk.

#### Fagfornyninga, lokale læreplanar:

Danne faggrupper i ulike fag for utarbeiding av lokale læreplanar med fordeling av tema/ fokusområde på ulike klassesteg.

#### Digital kompetanse:

Kartlegging av kompetansen i kollegiet

Erfaringsdeling mellom stega/ læraren

Kursing og opplæring i bruk av itslearning

Digital kompetanseplan skal innehalde oversikt over krav til ferdigheiter på ulike fag og steg.

Planen bør også innehalde kva digitale verktøy vi brukar ved Stordal skule.

#### Nye tiltak innanfor ramme:

Tidleg innsats i forhold til lese- og skriveopplæring.

Elev med alternativ opplæringsarena ein dag i veka.

Kompetanseheving for assistentar.

Kursing av mentor.

*Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:*

*Miljøarbeidar som kan ha ein dempende effekt på elevar som utfordrar oss åtferdsmessig. Læremiddel i alle fag som er oppdatert etter Kunnskapsløftet 2020.*

Utfordringar:

Store behov for ein til ein undervisning/ tilsyn av enkeltelevar gjennom heile skuledagen. I tillegg har vi ei klasse der elevane har mykje spesialundervisning, og som treng oppfølging retta mot orden og åtferd. Dette krev store ressursar for skulen.

### 7.3.2 Valldal skule, SFO og Fjord vaksenopplæring

#### Kort skildring av verksemda

Valldal skule har elevar frå 1-10. klasse, med gjennomsnittleg 15 elevar pr. klassetrinn. Skulen har pr. i dag 13 elevar frå Liabygda. Vi har også fått 3 elevar frå Ukraina og 1 elev frå Litauen denne hausten.

Skulen sitt samfunnsmandat er heimla i Opplæringsloven, og skal i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng, samt lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Fjord vaksenopplæring er lagt under ansvar Valldal skule. Den gir norskopplæring og prøve i samfunnskunnskap til innvandrarar med rett og plikt, og arbeidsinnvandrarar. Vaksenopplæringa har også elevar for dei vaksne som har rett til spesialundervisning for å halde ved like grunnleggjande ferdigheiter.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal tilsette	34	35	33	34 (ink.lærling)
Antal årsverk	30,3	30,4	29,2	29,4

#### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal elevar/barn	146	147	140	134
Antal på SFO	16	20	22	25
Minoritetsspråklege	16	19	19	16
Spesialundervisning	3458	3183	3525	3649
Særskilt norskopplæring	532	304	380	836
Vaksenoppl. spes.underv	4	6	4	5
Vaksenoppl. norskoppl.	0	16	19	19

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Vi er pr. i dag i negativ balanse mellom årsverk og krav om timar til undervisning. Nye elevar i grunnskulen som ikkje kan norsk, krev meir personale til tospråkleg- og/eller særskilt norskopplæring. På trass av mangel på vikarar, har skulen med stor omstillingsfleksibilitet av dei tilsette, så vidt klart å gjennomføre den undervisninga vi er pålagd. Konsekvensen er mindre ressursar til tidleg innsats og tilpassa opplæring, samt slitasje på personalet.

Sjølv om elevtalet går litt ned, er det pr. i dag likevel 10 klassar samt vaksenopplæring som skal ha kvalitativ god undervisning og opplæring. Vi har også dei siste åra på trass av stramt budsjett hatt eit mindreforbruk.

Skulen har etter ny læreplan frå hausten 2020 endå ikkje fått erstatta læreverv i alle fag og årstrinn grunna store kostnader. Auka fokus på digitalisering krev også økonomi til utstyr som pc/iPad, smartskjermar, programmeringsutstyr og andre digitale hjelpemiddel/ læremiddel.

Det er også store behov for vedlikehald av bygningar (ute og inne).

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Auke kompetansen innan psykisk helse for både tilsette og elevar
Mål 2	Auke kompetansen innan vurdering for læring etter LK20
Mål 3	Vidare utvikling av digital kompetanse/programmering

### Tiltak for å nå måla:

· Fått tilskot frå Bufdir til kompetanseheving. Bruk av programma MOT og Livet&Sånn for elevane. Samarbeid med PPT for å auke kompetansen til dei tilsette. Bruk av LP-modellen, programmet «Snakke med barn», arbeid i grupper, refleksjon og erfaringsdeling. Fagdag og samlingar med innleigd foredragshaldar. Oppstart av ressursgrupper for skulane.

· Nytte kompetansepakke frå Udir om vurdering. Refleksjon, teamarbeid, elevmedverknad i undervegsvurdering, kollegarettleing.

· Legge til rette for utvikling og erfaringsdeling i bruk av ulike digitale program og læremiddel. Det må kjøpast inn meir programmeringsutstyr for dei yngste, samt lisens på appar til å nytte på pc/ipad

### Nye tiltak innanfor ramme:

Fagdag og samling med innleigd foredragshaldar og frikjøp av lærarar til ressursgruppe (brukt av midlar frå Bufdir)

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Større innkjøp av nye læreverv, evnt lisens på fullverdige digitale læreverv
- Høve til å setje inn meir ressursar i klassar som treng ekstra hjelp/ elevar som ikkje har vedtak, men som treng ekstra tilpassing/støtte jmf. inkluderande praksis

## Utfordringar:

- Utgifter og ressursar grunna auke av timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring
- Mangel på timevikarar for permisjonar, sjukdom, sjukmeldingar og tilrettelegging av sjukmelde på arbeidsplassen

### 7.3.3 Eidsdal skule og SFO

Kort skildring av verksemda

Barne- og ungdomsskule. Elevtal 2022/2023 er 54 elevar. Hausten 2022 har skulen og fått ein elev frå Ukraina i første klasse. Skulen er fådelt slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Mellomtrinnet går saman i mange timar og ungdomstrinnet går saman i mange timar. Dette gir ein kostnadseffektiv drift.

Skulen er midt i verdsarvområdet for fjordlandskapet. Skulen definerer seg derfor som ein verdsarvskule. Dette inneber turar til nære lokalitetar i verdsarvområdet og undervisning med tilknytning til desse. Planverket ved skulen har i seg mykje fokus på verdsarvområdet der dette knyter naturleg an til læreplanmåla.

Skulen har og prosjektet «Urørt» gåande i samarbeid med vernemyndigheitene og friluftsrådet i fylket.

Skulen er medlem i UNESCO sitt ASPnet (Associated School project) og er FN skule som medlem av FN-sambandets skolenettverk.

Det er sterk overvekt med kvinner i kollegiet. Grunna mindre vikarstillingar er talet tilsette økt

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal tilsette	13	13	16	13
Antal årsverk	11,4	11,4	11,4	11,4

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antal elevar	52	49	54	54
Antal på SFO	6	6	6	6
Antal plassar barnehage				
Minioritetsspråklege				
Ant.timar spes.undervisn.			1805 årstimar á 60min	1805 årstimar á 60min (Våren) Avhenger av sakkunnig vurdering frå PPT (hausten)

## **Kommentar til drifta frå einingsleiar:**

Eidsdal skule er prega av stor stabilitet i kollegiet. Svært låg turnover. Skulen har vore prega av langtidssjukefråvær (2x100%) i førre og inneverande skuleår.

Skulen har 11 fast tilsette lærarar der fire har redusert stilling i 80%. Rektor og ein inspektør (rådgjevar/sosiallærar) utgjer totalt 100% administrativ ressurs.

Skulen har ikkje merkantilt personale tilsett. Rektor har og overordna oppgåver (30%) innan IKT innan oppvekstsektoren og sentraladministrator for det skuleadministrative systemet IST på vegne av Fjord kommune. IST er det administrative systemet for skule, SFO og barnehage. Systemet handterer personaladministrasjon, fakturering bhg/SFO m.m.

I den daglege drifta i ein forholdsvis liten skule kan det vere utfordrande og få tid til meir utviklingsorientert arbeid. I inneverande skuleår fokuserast det på å bygge kompetanse i forhold til skolemiljø, spesialpedagogikk og digital kompetanse. Inneverande år har det gått med mye av fellestida i planlegging av renovering av skulen.

Skulen har ein elev frå Ukraina i 1 klasse sidan skulestart inneverande skuleår. Eleven får særskild norskopplæring, dette består av grunnleggjande norsk, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Eleven blir kartlagd med Udir «Kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk» undervegs for å avdekkja når eleven har tilstrekkeleg ferdigheiter i norsk til å følgja ordinær opplæring.

## **Mål for verksemda 2023**

Mål 1	Vidare utvikle sosialt og faglig læringsmiljø
Mål 2	Kompetanseheving knytt til skolemiljø
Mål 3	Kompetanseheving innan digital kompetanse for elevar og tilsette

## **Tiltak for å nå måla:**

Fellestida brukas til blant anna Utdanningsdirektoratets kompetansepakke «Trygt og godt skolemiljø» og kompetanseheving av digitale ferdigheiter

Kurs/vidareutdanning. Ein lærar i kunst og handverk

## **Nye tiltak innanfor ramme:**

Samarbeid med eksterne aktørar som FNsambandet, UNESCO Associated Schools Network (verdsarv), MOT, politi, mobbeombod, PPT, Barnevern, psykisk helsearbeidar, helsesjukepleiar.

## **Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

Tiltak i skulegarden/elevane sitt fysiske miljø.  
Rehabilitering/vedlikehald av skulen.  
IPad og PC.

### Utfordringar:

Formell kompetanse i personalgruppa  
Rekruttering av tilsette

## 7.3.4 Fjord kulturskule

### Kort skildring av verksemda

Fjord kulturskule er organisert som ei eining med to avdelingar og tre undervisningsstader. Vi tilbyr undervisning i Stordal, Valldal og Eidsdal. Fleire av lærarane underviser på fleire undervisningsstader.

Kulturskulen kan i utgangspunktet gi tilbod til alle innbyggjarane i kommunen, men born og unge i skulealder vert prioriterte ved opptak. Vi ønsker også å kunne tilby tenester til andre grupper og vere ein samarbeidspartnar for lag og organisasjonar i kommunen. Kulturskulen har ei tilrettelagt musikkgruppe for vaksne, og tilbyr også subsidierte dirigenttenester for skulekorpsa i kommunen. Skuleåret 2022/23 er det Stordal skulekorps og Valldal skulekorps som kjøper teneste frå kulturskulen, og lønskostnadane vert i tråd med gjeldande avtale subsidierte med 30%.

Lærarane er knytte til kulturskulen i små stillingar, frå 10-40%. Rektor har 58% administrativ stilling. Dei fleste av lærarane er eigne tilsette. Kulturskulen kjøper skuleåret 2022/23 også inn eit par undervisningstenester gjennom avtalar med andre kulturskular (Stranda) eller frå private aktørar.

Kulturskuleåret 2022/23 tilbyr Fjord kulturskule undervisning i musikk og biletkunst, i tillegg til at vi arrangerer dansekurs for born og unge i ein 6 vekers periode haust og vår. Der er endå eit behov for ei endring/utviding til faste tilbod innan andre fagområde, då vi for eksempel ikkje har eit fast tilbod innan dans, teater eller skapande skriving (i tråd med Rammeplan for kulturskular og Fjord kulturskule sine vedtekter).

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antall tilsette	Frå august 2020: 12	Frå august 2021: 13	Hausten 2022: 9	9-10stk (avhengig av fag og stillingsstorleikar)
Antall årsverk	2,9	3	2,78	Om lag 2,78 - 3

### Premisser for budsjettet 2023

Undervisningsåret 2022/23 er det 94 elevplassar i kulturskulen – der nokre har to eller fleire undervisningstilbod. Vi går utifrå at det verte rundt 100 elevplassar i 2023/24, der fleire vil ønske seg meir enn eit undervisningstilbod.

Fjord kulturskule ønsker å vere eit kulturpedagogisk ressurscenter gjennom tverrfagleg samarbeid og pedagogisk- og kulturelt utviklingsarbeid.

Kulturskulen vil, så langt det er mogleg, tilby undervisning til alle som ønsker det – for å klare dette må vi ha nok lærarressursar tilgjengeleg.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Påmeldinga til kulturskulen har gått litt ned, særleg på gruppetilboda, samanlikna med 2021. Det er likevel viktig å prøve og halde desse gruppetilboda (dans og biletkunst) «i live», då dei er med på å gi eit betre og meir allsidig tilbod i kulturskulen. Frå hausten 2022 har vi også gitt tilbod om «musikksprell» på alle undervisningsstadene våre – dette er eit gruppetilbod for dei yngste elevane (1.-3. klasse). I Eidsdal var det diverre for få påmeldte til at tilbodet kunne gjennomførast, medan det i Valldal var stor påmelding frå start. Stordal har hatt dette tilbodet dei siste åra, og der har det vore jamt god påmelding. Undervisningsåret 2022/23 prøver vi også å tilby «korps i skulen» til alle grunnskulane i kommunen. «Korps i skulen» er eit undervisningstilbod kulturskulen gir i samarbeid med dei tre korpsa i kommunen. Til no har den nye forma av «korps i skulen» vore ein suksess. Gjennom gruppetilboda, kulturskulekonsertane osv. samlar vi born og unge frå alle bygdelaga i kommunen. Det verkar som at elevane også synes at dette er kjekt, og dei får fleire treffpunkt i kvardagen sin og kan bli betre kjende.

Eit auka elevtal vil også gi noko auka inntekter gjennom elevavgifta, men denne avgifta bør likevel ikkje settast for høgt! Dette er viktig for å sikre at kulturskuletilboda framleis skal vere tilgjengeleg for alle born/familiar som ønsker det.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Oppretthalde eit godt tilbod til elevane, både fagleg og pedagogisk, og utvide tilbodet med undervisning innan endå fleire fagområde.
Mål 2	Bidra endå meir aktivt til kulturlivet i kommunen, både gjennom eigne arrangement og i samarbeid med andre aktørar.
Mål 3	Fortsette det gode samarbeide med grunnskulane, lag og organisasjonar i kommunen.

### Tiltak for å nå måla:

- Arbeide vidare for å rekruttere dyktige lærarar innanfor fleire fagområde; primært eigne tilsette i større stillingar, gjerne i samarbeid med grunnskulane.
- Ta vare på og legge til rette for dei lærarane som allereie er tilsette i kulturskulen, slik at dei kan få større stillingar og kommunen får utnytta betre den gode kompetansen som allereie finst i miljøet.

### Nye tiltak innanfor ramme:

Kulturskulen vil etter jul starte opp med musikkverkstad/bandkurs. Her forsøker vi å etablere eit samarbeid med Kamba musikk angående øvingslokale/instruktørar.

Hausten 2023 forsøker vi å etablere dans som eit fast tilbod, i tillegg til å vidareføre dei andre undervisningstilboda våre.

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

Meir permanente tilbod innan fleire fagområde, som t.d. drama/teater, skapande skrivning, folkemusikk og folkedans

### Utfordringar:

Lærarane i Fjord kulturskule er tilsette i små stillingar. I tillegg er vi avhengig av innleige av lærarar, anten privat eller frå andre kulturskular, for å få undervisningskabalen til å gå opp. Alle lærarane har då andre hovudarbeidsgjevarar og er svært opptatt på anna hald i kvardagen. Dette gjer det vanskeleg å etablere eit godt nok samarbeid for kollegiet. Vi har store utfordringar med å greie å møtes ofte nok i det daglege, til møter, felles planlegging, konsertar mm. Det er også svært utfordrande å drive fagleg utviklingsarbeid mm. I eit kollegium der ein aldri får samla alle.

For å betre denne situasjonen vil det vere avgjerande at ein greier å utvikle eit større og sterkare fagmiljø lokalt. Denne prosessen er i gang, men det tek tid. Ein må difor arbeide målretta for å kunne tilsetje fleire kvalifiserte lærarar i større stillingar, som gjerne også kan dekke fleire fagområde i undervisninga. Her vil samarbeid med grunnskulane i kommunane vere sentralt. Gjennom eit

stillingssamarbeid vil ein kunne sikre nødvendig kompetanse for begge skuleskala og truleg også kunne utnytte ressursane betre.

Når det gjeld administrasjonen av kulturskulen er det til tider ei krevjande øving, mykje grunna dei utfordringane som er nemnt over. Rektor er åleine om alle administrative oppgåver, som sjølv i ein relativt liten kulturskule er mange. I kvardagen må ein bruke svært mykje tid på praktiske detaljar, koordinering, oppfølging og andre oppgåver knytt til dagleg drift. Det er svært utfordrande å samstundes skulle arbeide meir overordna og langsiktig med tanke på fagleg utvikling i eininga. Her ville det vere svært nyttig å knytte til seg ein person som kan fungere som avdelingsleiar/fagleiar i 20-30% stilling. Vedkommande kunne då ta hand om ein del av oppgåvene knytt til planlegging og dagleg oppfølging, og også vere rektor sin stadfortredar ved behov.

### 7.4.1 DKSS – Den kulturelle spaserstokk

#### Kort skildring av verksemda

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei fylkeskommunal tilskotsordning til kommunane, som kommunane organiserer og drifter. Pengane skal gå til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet innan alle sjangrar som musikk, scenekunst, film, litteratur og visuell kunst. Det skal skje på arenaer der dei eldre er i dagleglivet. Midlar vert fordelt etter antal innbyggjarar over 70 år i kommunen.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	0	0	0	0
Antall årsverk	0	0	0	0

#### Premisser for budsjettet 2023

Ha drifta på minst same nivå som tidlegare. Budsjettet er lagt opp etter budsjettet for 2022.

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar

Frå 2022 har vi søkt som Fjord kommune (ikkje som Stordal og Norddal). Det var i samband med kommunesamanslåinga bestemt at Fjord kommune vil drifte DKSS slik det var gjort i tidl. Stordal kommune:

Når kommunen har fått tilsagn om midlar, vert desse fordelt administrativt (delegert sak) på tre tiltak:

1. Underhaldning/konsertar på institusjonane
2. Underhaldning/kulturreiser for pensjonistlaga
3. Underhaldning til markering av eldredagen

Ut frå søknad og mottatte midlar organiserer vi konsertar og underhaldning på alle tre institusjonane i kommunen. Hausten 2022 hadde vi m.a. samarbeid med Festspela i Geiranger, som stilte opp til konsert på alle tre institusjonane.

#### Mål for eininga 2023

Mål 1	Vi ønskjer å ha minst same aktivitetsnivå som tidlegare
-------	---



## 7.4.2 Frivilligsentralane

### Kort skildring av verksemda

Frivilligsentralane skal stimulere til auka frivillig innsats, vere ein pådrivar for frivillige tiltak og utvikle samarbeid mellom frivillige og det offentlege. Sentralane skal vere med å koordinere tiltak der det er naudsynt med samarbeid mellom det offentlege og frivillige.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	1,5	1,5	1,5	2
Antall årsverk	1,5	1,5	1,5	2

### Premisser for budsjettet 2023

Ha drifta på minst same nivå som tidlegare. Budsjettet er lagt opp etter budsjettet for 2022, men med auke i stillingsprosent på frivilligsentralen i Norddal, jf. gjeldande krav om tilskot i Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler. Frå 2021 vart statstilskotet overført til kommunen via kulturdepartementet og øymerka frivilligsentralane. I 2022 fekk Fjord kommune kr 740.000 i tilskot for begge sentralane. Statstilskot for 2023 vil bli om lag 900.000 for begge sentralar.

Ny forskrift for frivilligsentralar vart sett i kraft 01.08.22. Det er mellom anna krav om lokal finansiering tilsvarande minst 40% av sentralen sine totale driftsinntekter. (Lokal finansiering kan m.a. vere eksterne midlar og tilskot).

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Sentralane har felles vedtekter og desse må endrast i tråd med ny forskrift. I ny forskrift er det ikkje krav om styre, men rådgivande organ der frivilligheita er representert.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Vi ønskjer å ha minst same aktivitetsnivå som tidlegare
-------	---

### Utfordringar:

Tid og kapasitet til å serve mange ulike oppgåver. Det er mange ulike oppgåver og aktivitetar/arrangement som vert slusa gjennom frivilligsentralane. Frivilligsentralane har eit breitt samarbeid med andre einingar og frivilligheita og har mange ulike prosjekt og aktivitetar i samarbeid med dei, noko som gjer at tida ikkje alltid strekk til.

## 7.4.3 Ungdomsklubben i Stordal

### Kort skildring av verksemda

Stordal ungdomsklubb er ein open treffstad for ungdom frå ungdomsskulesteget og til og med 20 år. Stordal ungdomsklubb er samlokalisert med Stordal frivilligsentral, på gateplan i Stordal Næringsbygg. Open laurdagar i perioden september-mai, med unntak av feriar. Drifta i samarbeid med foreldregruppa til ungdomstrinnet ved Stordal skule.

### Premisser for budsjettet 2023

Ha drifta på minst same nivå som tidlegare. Budsjettet er lagt opp etter budsjettet for 2022.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Leiar av frivilligsentralen er koordinator for ungdomsklubben. Det er ikkje definert stillingsprosent inn mot ungdomsklubben. Foreldrevakter blir satt opp på bakgrunn av klasselister frå ungdomssteget ved Stordal skule. Koordinator har 2-4 vakter pr sesong.

Utgifter til husleige og straum blir delt likt mellom ungdomsklubb og frivilligsentral. Ungdomsklubben har kiosksal på klubbkveldane. Inntekter på utleige av lokale til private (bursdag, barnedåp, konfirmasjon osv.). Det blir årleg søkt om midlar til utstyr og aktivitetar m.a. frå Ungdom og Fritid.

På allmøte er det valt ein ungdomsrepresentant med vara. Vedtekter må justerast/endrast for å passe til vedtak gjort i FS-sak 103/22 om drift av ungdomsklubbar.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Vi ønskjer å ha minst same aktivitetsnivå som tidlegare
Mål 2	Gjere ungdomsklubben til ein attraktiv arena og møteplass for dei unge jfr. samarbeidsavtale om UNG Kunst og kultur og organisering av ungdomsklubbar

### Utfordringar:

Koordinator har ikkje definert stillingsprosent. Det går med ein del tid til organisering og koordinering av utleige, men dette gir også inntekter til drifta. Det blir også brukt tid på å sette opp foreldrevaktlistar og ekstra koordinering om foreldre ikkje møter/ikkje kan møte til oppsett vakt. Det står i utsendt informasjonsskriv at foreldre skal bytte innbyrdes, men dette fungerer ikkje alltid i praksis.

### 7.4.4 Ungdomsklubbane i Valldal/Eidsdal

#### Kort skildring av eininga

Eidsdal ungdomsklubb er organisert under Røde Kors og er drifta av foreldra. Eige styre blir valt på foreldrerådsmøte på skulen kvart år. Klubb om lag ein fredag i månaden i perioden september-juni. Målgruppe frå 5. -10. klasse.

Sylte ungdomsklubb i Valldal er ein frivillig, foreldrestyrt organisasjon. Styret består av 3 vaksne og 6 ungdommar. Klubbkveld onsdagar. Målgruppe 13-18 år. Endringar vil kome etter vedtak gjort i FS-sak 103/22 om drift av ungdomsklubbar. Det vil bli sett i gang ein prosess om oppretting av samarbeidsavtale med FAU og foreldregruppene ved dei tre skulane.

### Premisser for budsjettet 2023

Ha drifta på minst same nivå som tidlegare. Budsjettet er lagt opp etter budsjettet for 2022.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Kommunen betaler husleige til Eidsdal-Norddal Røde Kors for aktiviteten som Eidsdal ungdomsklubb har i Røde Kors-huset i Eidsdal.

Sylte ungdomsklubb disponerer to rom gratis i 3. etg. i Martin Linge- huset.

**Mål for 2023** er å gjere ungdomsklubbane til ein attraktiv arena og møteplass for dei unge, jfr. samarbeidsavtale om UNG Kunst og kultur og organisering av ungdomsklubbar.

### Utfordringar:

Bakgrunn for FS-sak 103/22:

Kommunen har i dag tre ungdomsklubbar som er drifta på tre ulike måtar. På sikt bør ein sjå på muligheiter for å tilpasse til lik drift av klubbane, og då helst kommunal drift. Tilbakemeldingar frå dei som driftar dei frivillige klubbane er at det er eit stort ansvar, tar mykje tid, og ein er avhengig av at det til ei kvar tid er engasjerte foreldre som er villig til å ta på seg verv.

## 7.4.5 Folkehelsearbeidet

### Kort skildring av verksemda

Folkehelsearbeidet i Fjord bygg på samarbeidsavtalen om God Helse med Møre og Romsdal fylkeskommune. Avtalen medfører tilskot og føreset arbeid med folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune.

Folkehelsearbeidet inneheld mellom anna tverrfagleg, førebyggjande arbeid, planarbeid, tiltak og saksbehandling innan idrett og friluftsliv, nettside og sosiale media og utvikling og koordinering av tiltak mellom det offentleg og det frivillige.

Bemanning	2020	2021	2022	2023 budsj.
Antall tilsette	0,5	0,5	0,5	0,5
Antall årsverk	0,5	0,5	0,5	0,5

### Premisser for budsjettet 2023

Ha drifta på same nivå som tidlegare. Budsjettet er lagt opp etter budsjettet for 2022.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Folkehelsearbeidet er kopla saman med frivilligsentralen (Norddal) til ei stilling og arbeidet går på mange område over i kvarandre. Det er naturleg og ein fordel sidan oppgåvene ofte heng saman og denne ordninga fungerer godt i dag.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Fremme det tverrfaglege folkehelsearbeidet i tråd med prioriterte arbeidsområde i samarbeidsavtalen og i samfunnsplanen.
-------	--

## 7.4.6 Stordalshallen

### Kort skildring av eininga

Stordalshallen kan feire 25 år dette budsjettåret. Trass skepsisen før realiseringa, knytt til store årlege driftsutgifter som ville kunne belaste kommuneøkonomien vesentleg - har ein i løpet av dei desse åra vist at det er fullt ut mulig å drifte Stordalshallen nærast utan å vere til økonomisk belastning for kommunen i det heile.

Noko av det viktigaste i denne er det store innslaget av frivilligheit og dugnadsinnsats og at dei mange som stiller opp har vore vel vitande om at innsatsen som vert lagt ned for Stordalshallen fullt og heilt har kome Stordalshallen til gode. I lag med frivilligheita har ein lukkast å legge til rette for stor aktivitet både i form av besøkjande utanfrå og ei rad flotte, større og mindre arrangement. Det er store positive ringverknadane knytt til alt dette.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	1	1	1	1
Antall årsverk	0,6	0,6	0,6	0,6

### Premisser for budsjettet 2023

Her kan det vere naturleg å vise til fjorårets budsjettkommentar der ein peika på kor avgjerande viktig det var at ein fekk vidareført driftsmodellen.

Ei eining som Stordalshallen, merkar naturlegvis godt dei konsekvensane COVID 19 har hatt på samfunnet rundt oss. Vi må nok ta innover oss at også 2023 kan bli eit år utanom det vanlege.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar

Dagleg leiar driftar Stordalshallen etter vedtekne rammer og innafor gjeldande vedteken driftsmodell.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1 Vidareføre drifta med utgangspunkt i det som har vist seg vere vellukka. Ikkje minst med tanke på det økonomiske, men herunder også å legge best mulig til rette for dei faste brukargruppene.

Mål 2 Behalde eksisterande samarbeidspartnarar og i tillegg få nye på plass. Bidra til å få endå fleire til å ville kome på besøk og å ville stå som arrangør.

### Tiltak for å nå måla:

- mange effektive tiltak for at det stadig skal vere like attraktivt å vere samarbeidspartnar

## Utfordringar:

- Erfaringsmessig kan dette med dugnadsånd kome til å utgjere ei utfordring. Men om ein er seg bevisst kor viktig det er å ha ein driftsavtale/driftsmodell som nettopp sikrar at den innsatsen både enkeltpersonar og lag/organisasjonar legg ned for Stordalshallen reint faktisk også kjem Stordalshallen til nytte, er det likevel grunn til å vere optimistisk med tanke på utfordringar som dette.

### 7.4.7 Martin Linge huset

#### Kort skildring av verksemda

Martin Linge-huset i Valldal offisielt opna 1. oktober 2016. Bygget er inndelt i ein idrettsdel som består av idrettshall, garderobeanlegg med 4 garderobar, 2 mindre garderobar, samt symjehall. Symjehallen framstår som den gjorde før utbygginga. Kulturdelen rommar ein stor kultursal, 2 tilstøytande rom som vert nytta til mindre arrangement, og 3 undervisningsrom for kulturskulen. I 3.etasje finn vi ungdomsklubben, medan vi i 1.etg. finn fellesareal/foajè, ei lita garderobe, eit lite men oppdatert kjøkken, samt eit lite lager. I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, driv vi i tillegg med utleige av lokale til store og små arrangement.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	1	1	1	1
Antall årsverk	0,30	0,30	0,30	0,3

#### Premisser for budsjettet 2023

Arbeide for å kome opp på same nivå som før Covid.19 når det gjeld aktivitet/utleige.

#### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Oppretthalde det gode servicenivået vi har hatt. Fornøgde brukarar kjem tilbake.
Mål 2	Auke inntekter på hallreklame
Mål 3	Auke inntekter på utleige

#### Tiltak for å nå måla:

Halde fram med å yte god service overfor brukarane, samt ved utleige. Får god tilbakemelding på det. Fornøgde brukarar kjem gjerne tilbake. Meir målretta markedsføring av huset gjennom bruk av heimeside og facebook, vise til aktivitet, samt praktisk info. Her har vi litt å gå på. Aktivt prøve å hente inn nye annonsørar i hallen.

#### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

Bygging av hems inne på lager 3 i idrettshallen.

Rydding og lett oppgradering av underetasjen slik at vi i større grad kan nytte denne til lager av egna utstyr.

**Utfordringar** Reinholdar til å vaske idrettshallen har enno ikkje kome på plass. Dette har vore etterlyst sidan bygget vart opna. Dette resulterer i at eg sjølv bruke tida mi på dette. Det blir derfor mindre tid til å gjere det eg eigentleg skal gjere.

### 7.5.1 Fjord helse

#### Kort skildring av verksemda

Helsetenesta skal gi innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt. Eininga omfattar helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste - fastlege og tilsynslege, psykisk helseteam. Psykolog tilsett frå 01.01.2023. Tenestene dekkjer heile Fjord kommune. Legane deltek også i interkommunal legevakt. Endring: Forvaltning, koordinering og utvikling eiga eining frå 01.01.2022.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	18	19	20	17
Antall årsverk	15,3	16,3	17,3	16

#### Premisser for budsjettet 2023

Oppretthalde stillingar og drift innanfor budsjettamme.

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Fortsatt ekstra oppgåver med koronapandemien, som har ført til behov for ekstra hjelp. Siste anbefaling for oppfriskningsdose koronavaksine kom 1. juli i år. Nye anbefalingar om vidare vaksinerings kan kome.

Vi kan forvente auka belastning på helsetenestene med vinterbølge korona, influensa og andre luftvegsinfeksjonar. Risikovurdering frå FHI: <https://www.fhi.no/nyheter/2022/risiko-ved-covid-19-epidemien-influensa-rsv-infeksjon-og-kikhoste-i-norge/> Eine fastlegen har sagt opp stillinga si frå 01.11.2022. Stillinga er utlyst. To fastlegevikarar inne for to fastlegar som er ute i permisjon.

#### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Tilsette ny fastlege, Stordal legekantor. Betre lokala til helse i Stordal.
Mål 2	Fortsette å yte gode helsetenester i Fjord kommune.
Mål 3	Fortsette å bygge team Fjord helse

#### Tiltak for å nå måla:

1. Fortsette å jobbe med å få på plass ny fastlege. Avklare lokale vidare for helse i Stordal.
2. Behalde fagkompetansen og sikre stabile tenester.
3. Møtepunkt for tverrfagleg samarbeid. Felles HMS-arbeid og mål

#### Nye tiltak innanfor ramme:

Psykolog tilsett, startar i stillinga 01.01.2023.

Kommunen inngått ALIS-avtale (allmennlegar i spesialisering) med ein av fastlegevikarane.

#### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

Betre eigna lokaler for helseavdelinga i Stordal.

#### Utfordringar:

Vi er få, sårbar ved sjukdom og fråvær. Vanskelig med vikarar på kort varsel.

## 7.5.2 Pleie og omsorg Stordal

### Kort skildring av verksemda

Under Pleie og omsorg – Stordal ligg Stordalstunet med institusjonskjøkken, Heimetenesta med Heimesjukepleie, praktisk bistand heimehjelp og Dagsenter. Stordalstunet har 19 sjukeheimplassar for eldre med svekka helse, redusert ferdigheit og eit omfattande hjelpebehov med tilbod om korttidsopphald og langtidsopphald der 6 av plassane er tilrettelagt for personar med demens. Institusjonskjøkkenet gjer i stand mat til pasientane ved institusjonen som sikrar tilrettelagt næringsrik kost og middag til heimebuande som har fått innvilga levering av middag og måltid ved Dagsenteret. Heimetenesta gir eit særskilt behov for helse og omsorgstenester og praktisk hjelp i heimen slik den enkelte kan bu heime lengst mogleg. Dagsenter gir eit tilbod til personar som bur heime og har behov for tilrettelegging eller hjelp for å kome seg ut og treffe andre og der det er behov for avlastning i heimen. Dagsenteret har no flytta frå Valldal sjukeheim til lokale i underetasjen på Stordalstunet.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	42	41	39	39
Antall årsverk	21,58	22,81	24,16	24,95

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal brukarar	52	44	70	70
Antal vedtak/saker	43	66	60	60

### Kommentar til drifta frå einingsleiar

Drifta for pleie og omsorg, Stordal er prega av eit godt samarbeid på tvers av tenestene. Både Stordalstunet og Heimesjukepleia har varierende belegg og arbeidsmengde, og det er eit godt arbeidsmiljø og det er ein god kultur og hjelpe kvarandre. Ressursar har blitt brukt på tvers av tenestene som tiltak for å bruke tilgjengelege ressursar og reduserer lønnskostnader. Det har vore vakanse i turnus på grunn av permisjonar og oppsigelse av sjukepleiestilling, og det har medført utfordring med å rekruttere nye inn i ei av stillingane. Dette kombinert med ressurskrevjande brukarar som har medført at vi har hatt behov for å bemanne opp på kveld store delar av året, har det vore eit auka behov for vikar og som igjen har medført bruk av overtid for å yte ei forsvarleg teneste. Dagsenteret har flytta lokale til underetasjen i Stordalstunet i februar, og brukarane trivest godt med tilbodet.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Gi pasienten ved Stordalstunet den omsorgen og støtta som de har behov for i kvardagen slik både pasienten og pårørande opplever eit forsvarleg og godt tenestetilbod.
Mål 2	Heimebuande i Fjord Kommune skal få auka livskvalitet og bo lenger heime i eigen bolig ved hjelp av auka tilbod om Heimeteneste og eit utvida tilbod på Dagsenter til to dagar.
Mål 3	Fleksibel drift og fokus på budsjett ved samarbeid på tvers av Heimetenesta og Stordalstunet, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvedeling og opprettholde eit godt arbeidsmiljø.

### Tiltak for å nå måla:

Mål 1	Det er behov for å auke bemanning fast på kveld med eit personal fom 16:30 – 21:00 på Stordalstunet for å opprettholde forsvarleg drift.
Mål 2	Ha ein lav terskel for å tildele teneste i heimen, kartlegging og tildeling av behov i samarbeid med forvaltningskontoret. Det er tilsett Demenskoordinator i Fjord Kommune frå og med januar som vil vere sentral i arbeidet for at tenesta til personar med demenssjukdom samordnast og utførast i tett samarbeid med heimesjukepleia, institusjonane og Dagsenter med mål om at heimebuande med demens kan bo lenger heime i eigen bustad.
Mål 3	Fortsatt fokus på HMS og jevnlege samarbeidsmøte med verneombud og tilletsvalgte. Fordeling av kompetanse i eventuell ny grunnturnus og Jevnlig evaluering av fordeling av kompetanse i driftsturnus. Deltakelse i Tørnprosjekt med fokus på organisering av arbeidsoppgåver gjennom riktig kompetanse til riktig tid.

#### **Nye tiltak innanfor ramme:**

1. Det er behov for å auke bemanning på Stordalstunet og det er sett inn ressurser i budsjett til å sette inn eit personal frå og med kl 16:30 – 21:00 for å opprettholde forsvarleg drift

2. Demenskoordinator er tilsett frå januar med mål om at heimebuande med demens kan bo lenger heime.

#### **Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:**

Fast bemanning på natt i heimetenesta i Stordal.

#### **Utfordringar:**

Ved ferieavvikling/langtidsfråver/avslutning av stilling og spesielt av fråver av sjukepleiar er det behov for å dekke/leige inn for heile perioden og det er ofte behov for bruk av vikarbyrå for å dekke fagkompetansen. Det er lite vikarar tilgjengeleg i tenesta.

### **7.5.3 Pleie og omsorg Valldal/Eidsdal**

#### **Kort skildring av verksemda**



Pleie og omsorg i Valldal, Eidsdal, Norddal, Tafjord og Fjåra. Pleie og omsorg Valldal og Eidsdal ligg Valldal sjukeheim med 2 avdelingar, Institusjonskjøkken, Heimetenesta i Valldal og Eidsdal.

Vi førebygg, behandlar og tilrettelege for mestring av sjukdom, skade, lidning og nedsett funksjonsevne. Vi fremmar sosial tryggleik ved hjelp av velferdsteknologi som tryggleiksalarmar og tilsyn i heimen. Vi sikrar tenestetilbodet sin kvalitet og at det er eit likeverdig tenestetilbod i heile kommunen vår. Vi er med på samhandling og at tenestetilbodet vert tilgjengeleg for pasient og brukar. Vi gir nødvendig opplæring til pasient, brukar, pårørande og personell. Vi gjev tilbod tilpassa den enkelte sitt behov så langt som mogleg. Vi varetek respekten for den enkelte sin integritet og verdighet og vi bidreg til at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg.

Vi har 12 plassar med bemanna omsorgsbustad. Dette er omsorgsbustader der personane treng døgntilsyn, men er «for friske» til å vere i sjukeheim. Så har vi 12 plassar i Eidsdal som er døgntilsyn, men ikkje bemanna 24/7, grunnen til dette er at den som er på jobb er ute på bygda i oppdrag. 28 sjukeheimplassar. 8 av plassane er langtidsplassar for personar med demens, 15 langtidsplassar på sjukeheim, 4 kortidsplassar og ein palliativ plass. Vi har også hatt tryggleiksalarmar i Liabygda. Institusjonskjøkkenet lagar mat til institusjonen og dei bemanna boligane samstundes som ein lagar mat til heimebuande. Maten ein leverer/ lagar er næringsrik og tilrettelagt. Vi lagar mat til om lag 76 personar

Bemanning	2019	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette				97	97
Antall årsverk		55,85	55,85	57	57

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal brukarar			108	108
Antal vedtak/saker	325	292	281	300

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Den største utfordringa for drifta er mangel på personell. Vi manglar vikarar ved sjukdom og ferie ol. Det å gå underbemanna eller å bli forskjøve og få pålagt overtid over ein lang periode gjer personalet vårt blir sårbare og kjem med sjukmeldingar. Vi har likevel hatt lite sjukefråvær siste tida. Vi har og måtte nytta innleigebyrå. Vi samarbeidar godt mellom tenestene og hjelper kvarandre. Vi har pasientar inne på institusjonane våre som krev ekstra oppfølging. Vi har investert i eit nytt signalanlegg som gjer at vi kan nytte velferdsteknologi.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Alle skal få bu heime lengst mogleg. Med hjelp av auka heimeteneste. Lik tilgang på tenester av god kvalitet. Men fokus på «kva er viktig for deg.» Kvardagsrehabilitering
Mål 2	Utnytte tildelte ressursar på ein best mogleg måte, unngå overtid i størst mogleg grad
Mål 3	Nytte velferdsteknologi der det kan bidra til at brukar får ein betre kvardag og kan bu lengst mogleg i eigen heim.

### Tiltak for å nå måla:

Lavterskel for å tildele tenester i heimen. Kartlegging av brukarar og fokus på kva som er viktig for pasienten og kva ressursar ein har. Tilsette tilkallingsvikarar, fordele fagfagfolk i tenesta. Kjøpe inn velferdsteknologi som ein kan nytte. Lage gode driftsturnusar der ein nyttar fagkompetansen på ein god måte.

Kartlegging av brukarar og fokus på kva som er viktig for pasienten. Gjennomføre Nav sitt kursang det å få ned sjukefråvær. Rekruttering av fagpersonell.

## Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

Aktivitør på sjukeheimen

**Utfordringar:** Ferieavvikling og at ein ikkje får tilsett fagpersonar gjer at ein må nytte vikarbyrå. Dårligare pasientar som treng 1:1 bemanning

### 7.5.4 Habiliteringstenesta i Fjord

#### Kort skildring av verksemda

Bu-og habilitering i Fjord kommune gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen for menneske med psykisk og fysisk funksjonsnedsetting. Vi ivaretek den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg, ernæring, behandling og miljøarbeid. Vi sikrar tenestetilbodet sin kvalitet med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, tilrettelegg for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Førebygge einsemd, bidra til at brukarane kan føle meistring i kvardagen og legge til rette for eit meir aktivt liv. Brukarmedverknad og samarbeid med pårørande. Vi har pr i dag 11 brukarar som får heildøgntilbod, 2 som har BPA, samt 9 andre som mottek ei form for teneste frå oss.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette		52	55	56
Antall årsverk	31,10	31,9	35,2	38,9

#### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antal brukarar		20	22	22
Antal vedtak/saker		47	51	54

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Fjord Habilitering har hatt auka utgifter i 2022 grunna nye brukarar og auke i vedtak for fleire grunna funksjonsfall. Vi har mange ressurskrevjande brukarar i eininga vår, fleire er svært sjuke med komplekse diagnosar. Behovet for god helsehjelp er stort, og vi har endeleg lykkast i å dekke opp vakansen vår på avdelinga i Stordal også. Her har det vore eit massivt og krevjande endringsarbeid siste to åra, og no startar resultatane å syne seg. Sjukefråveret er halvert siste månadane, arbeidsmiljøet er veldig bra, pårørande er trygge på at brukarane får helsehjelpa dei skal, og ikkje minst verkar dette inn på brukarane – utagering er så godt som vekke, her er ei heilt anna ro, dei er gladare og meir fornøgde.

Langvaktturnus har heilt klart hatt sin effekt, i evaluering melder tilsette om at dei er mindre slitne og ingen ønsker å gå tilbake til vanlege vakter. Teamleiar er på plass i Stordal, og dette har skapt ei god ro og stabilitet. Vi jobbar mykje på tvers av avdelingane i Valldal og Stordal, med fokus på godt samarbeid og gode refleksjonar rundt arbeidet vi gjer. Det har vore mykje overtidsbruk i 2022, men med oppdekt vakanse og ein god vikarbase skal det vere langt frå same behovet i 2023. Med langvakter tiltrekk vi oss vikarar som bur utanfor kommunen.

I tillegg skal ein av brukarane flytte frå privat bustad til omsorgsleiligheit, og her vil vi no kunne utnytte ressursane på ein mykje betre måte. Vi treng ikkje leige inn i same grad ved sjukdom, og kan

hjelpe kvarandre på natt. Vi vil også leige inn kortare vakter ved sjukdom og kunne spare ein del på det.

Det vert også arbeidd med eit avlastningstilbod for barn.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad
Mål 2	Utnytte tildelt ressursar på best mogleg måte, unngå overtid så langt det er råd
Mål 3	Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø

#### Tiltak for å nå måla:

- Brukar flyttar ut frå privat bolig til omsorgsbolig. Vil føre til ei mykje betre utnytting av ressursane
- Fortsette arbeidsmiljøfokus og tett oppfølging sjukefråver
- Fokus på HMS og kvalitetsarbeid med jamne samarbeidsmøte med verneombud og tillitsvalde

#### Nye tiltak innanfor ramme:

- Tilsett helsefagarbeidar i Valldal grunna endring i diagnose og funksjonsfall

#### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Meir kurs og kompetanseheving
- Eit tilbod for ungdom med nedsett funksjonsevne

**Utfordringar:** Svært sjuke og krevjande brukarar som krev 2:1 og 1:1 bemanning

## 7.5.5 Aktivitetssenteret «Glimt»

### Kort skildring av verksemda

Glimt Aktivitetssenter er eit aktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne i Fjord kommune. Her skal brukarane gjennom ulike aktivitetar oppleve ein meningsfylt kvardag som byr på både samhalde, opplevingar og dei gode stundene. Innholdsrike dagar der ein får kjenne meistring og sjølvstendigheit gjennom trygge og kjende oppgåver. Opningstida er måndag til fredag kl 9-14. Aktivitetar er m.a postrunde, stall, fising, kosting/måking, makuleringsarbeid for lokale bedrifter, lage tennbrikettar, matlaging og baking, spel, musikk, diverse hobbyoppgåver, lagar ulike produkt for sal, finmotoriske oppgåver, marsvinhalde og turar.

Vidare jobbar vi med uteområdet ved sjukeheimen som skal gje endå fleire gode aktivitetar i form av sansehage, vedkløyving, spelesone, drivhus, grønnsaksdyrking, dyrehald m.fl. Her skal mange fleire brukargrupper inkludrast i aktivitetane.

Bemanning	2021	2022	2023
Antall tilsette	2	2	2
Antall årsverk	1,4	1,4	1,4

### Premisser for budsjettet 2023

Bemanning	2021	2022	2023
-----------	------	------	------

Antal brukarar	5	6	8
Antal vedtak/saker	5	6	8

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Glimt aktivitetssenter nærmar seg no eit år i drift og vi har meir eller mindre kome oss på plass og inn i rutinene. 2022 var prega av nyoppstart, men no er nødvendig utstyr og materiell innkjøpt, og aktivitetsbudsjettet vil bli vesentleg lavare i 2023. Sal av produkt vil også bli ei inntektskjelde framover.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Eit godt aktivitetstilbod til brukarane våre med individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad
Mål 2	Sal av eigne produkt for å bli mest muleg sjølvgåande
Mål 3	Fleksibel drift og fokus på budsjett med samarbeid på tvers av avdelingane, ha fokus på bruken av ressursar på personal, oppgåvefordeling og å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø

### Tiltak for å nå måla:

- Godt samarbeid med Fjord Rehabilitering ifht ressursar
- Utvida aktivitetstilbod med fleire produkt for sal
- Fokus på HMS og kvalitetsarbeid

### Nye tiltak innanfor ramme:

- Utvida aktivitetstilbod med fleire produkt for sal

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme

2 heile stillingar (auke med 0,59) for å kunne utvide aktivitetstilbodet til å gjelde fleire brukargrupper, for eksempel kafe og bingo ein dag i veka for dei som bur på institusjonane.

## 7.6.1 Bygg og kommunalteknikk

### Kort skildring av verksemda

<p>Avdelinga har slikt hovedansvarsområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drift/vedlikehald kommunale bygningar</li> <li>• Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)</li> <li>• Offentlege plassar og grøntområde</li> <li>• Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)</li> <li>• Kaier</li> <li>• Ledningskart</li> <li>• Slamtømming</li> <li>• Renovasjonstenester i samarbeid med Årim</li> <li>• Utsleppsaker</li> <li>• Kommunale køyretøy</li> <li>• Oppfølging av investeringsprosjekt</li> </ul>
--

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	18	18	18	18
Antall årsverk	17,5	17,5	17,5	17,5

### Premisser for budsjettet 2023

- Driftsbudsjettet for 2023 er sett opp med prioritering av kun høgst nødvendige driftsoppgåver.
- Delar av budsjettet er relatert til sjølvkost-oppgåver. Sjølvkost-regelverket gir føringar for budsjett og gebyrfastsetjing.

### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Driftsleiar har hatt permisjon i 2022, og stillinga har vore helden vakant. Dette har hatt betydning for oppfylgjing av driftsoppgåver.

Knytt til bygningsdrift har det vore auka ressursbruk knytt til brannvarsling, nødlys og heiser, etter kontroll av desse.

1 halvår 2022 var prega av mykje ekstremver, med ras- og flaumhendingar samt krevjande brøytesesong. Ressursbruk veg i 2022 har vesentleg knytt til dette/opprydding.

Ein fekk i januar 2022 tilsett person i stilling som har stått vakant som prosjektleiar bygg. Fleire byggeprosjekt har hatt god framdrift.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Vidareføring av prioriterte investeringsprosjekt
Mål 2	Auka bruk av digitale system
Mål 3	Behalde/klare å rekruttere rett kompetanse

### Tiltak for å nå måla:

- Målretta arbeid mot prosjekt
- Fortsette arbeid med digitalisering

### Nye tiltak innanfor ramme:

- Fremja i investeringsbudsjett

### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Vedlikehaldsbehovet knytt til bygningsmasse, vegar og anlegg er langt større enn det ein har totale ressursar til.

## Utfordringar:

- Tid til å gjennomføre dei oppgåver vi skal
- Rekruttering av naudsynt fagkompetanse

### 7.6.2 Plan og miljø

#### Kort skildring av eininga

- Rådgjeving, forvaltning og handsaming av saker etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Prosjektarbeid, stadutvikling, areal- og samfunnsplanlegging.
- Jakt og viltforvaltning

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	5	6	6	6
Antall årsverk	4,7	5,9	5,7	5,2/5,6

#### Premisser for budsjettet 2023

- Oppretthalde kapasitet og kvalitet
- Drift innanfor budsjetttramme

#### Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Den siste tida har det vore ein del utskiftningar av tilsette i avdelinga, mellom anna på plansida. Ein har klart å rekruttere dyktige tilsette og har tru på at ein skal kunne yte gode tenester også i 2023.

Det har på landbruk vore fokus på lovpålagte oppgåver grunna redusert kapasitet gjennom året. Stillinga som landbrukssjef er lyst ut ettersom den som har stillinga i dag går over i ny stilling. Forvaltningsoppgåvene vert i løpet av 2023 lagt inn i landbrukssjefstillinga. Skogbrukskompetanse vert kjøpt hos Stranda kommune. Tross endringar og nyttilsettingar har det vore god framgang i mange prosjekt.

Det er lyst ut stilling som byggsakshandsamar ettersom den tilsette som har hatt stillinga i svært mange år, no vil ta ut pensjon.

#### Mål for verksemda 2023

Mål 1 Framstå som løysingsorientert, med lav saksbehandlingstid.

Mål 2 Auke sjølvhjelpsgraden ved at innbyggjarar kan få meir av det dei treng på heimesida utan å måtte kontakte kommunen.

Mål 3 Meir digitalisert søknads- og behandlingsprosess, spesielt for byggesak.

### Tiltak for å nå måla:

- Ha tilfredsstillande kapasitet
- Rett fagkompetanse
- Serviceinnstilling
- Ta i bruk digitale verktøy

### Nye tiltak innanfor ramme:

- Fremja i investeringsbudsjett

### Utfordringar:

- Tid og kapasitet
- Høge krav og forventningar internt og eksternt

## 7.6.3 Reinhald

### Kort skildring av eininga

Daglig reinhald av kommunale bygg samt vaskeri på institusjon i Valldal og Stordal.

Bemanning	2020	2021	2022	2023
Antall tilsette	16	16	17	16
Antall årsverk	11,9	12,2	14,6	12,4

### Premisser for budsjettet 2023

Ein må ytterligare sjå på reinhaldsplan for alle bygga i kommunen og i tillegg arbeide med å få nytta avtalen om vask av sengetøy for Stordal og Valldal. Ein brukar i dag 1,5 årsverk på desse tenestane og ein kan nok her redusere med eit årsverk.

I tillegg er det kanskje ikkje behov for same intervall på administrasjonbygga som ein har i dag. Her må ein sjå på ein eventuell nedjustering av tid. Ein del har varsla naturleg avgang til pensjonistlivet og da må det kartleggast kva ein skal gjer vidare

### Kommentar til drifta frå einingsleiar

Det har i 2022 vore mykje sjukefråver i lengre perioder og det har vore store utfordringar i å få tak i personale til å ta vikariat. Det har løyst seg, men heilt klart ei utfordring rundt rekruttering og spesielt er det å få tak i tilsette med fagbrev. I Fjord kommune har vi 5 stk. med fagbrev av 16 tilsette.

Det har vore nedprioritert ein del områder og nedvask på ein del arial er eit av områda. Dette har det kome tilbakemeldingar på som ein skal etablere ein plan på.

### Mål for verksemda 2023

Mål 1	Reduksjon på sjukefråver med 4 %
Mål 2	Ta i bruk visma tid for timeregistrering
Mål 3	Kostnadsberekne og lage ein plan for vaskeritenesta på institusjonane

#### Tiltak for å nå måla:

- Samarbeid med leverandør for å finne ut kva kostnadene vil vere opp mot tal årsverk.
- Enda betre oppfølging av dei som er sjukmeldt. Det fordrar kanskje ein rotasjonsordning for å fordele belastning utover i eininga.
- Opplæring og ta i bruk digital timeføring i visma. Redusere manuelle oppgåver.

#### Nye tiltak innanfor ramme:

Robotisering av større flater

#### Ønska tiltak som det ikkje er funne dekning for i årets ramme:

- Rekruttering av fagpersonar og vikarer generelt
- Høgt sjukefråver